

# Masfjorden kommune



Årsmelding 2022



gjeringa sende den 22. desember melding om at dei ville trekka oss for 47,5 millionar i statstilskot 2023 grunna forventna høge konsesjonskraftinntekter kommande år. Storleiken på dette trekket kom som ei stor overrasking, og var ikkje i samsvar med signal gjennom pressekonferanse 28.9.22. Eg håpar at det nye året kan løysa dette forholdet på ein god måte.

Året 2022 vart i mindre grad dominert av pandemien enn dei tidlegare to åra, og endeleg vart samfunnet meir normalt med omsyn til smittetiltak og andre tiltak. Men Russland sitt åtak på Ukraina den 24. februar har likevel endra Europa så mykje at det og har fått synlege konsekvensar her i Masfjorden.

I løpet av 2022 tok Masfjorden kommune i mot rundt 30 flyktningar frå Ukraina, og kommunen har lagt til rette for at desse skal få det så godt som mogeleg. Ein stor takk til alle som har gjort ein glimrande innsats for at ukrainarane skal få eit god opphald i kommunen vår!

Kommunen vår har saman med dei fleste andre kommunar i Norge bidrege positivt til å avhjelpa den største flyktningstraumen i nyare tid i Europa. Difor er eg glad for bidraget vårt, og at me har sagt ja til å ta i mot inntil 50 flyktningar.

I 2022 gjekk straumprisane sterkt opp, og for dei fleste var dette svært negativt. For vår kommune, som sit med ein del konsesjonskraft, har dette likevel sikra oss ein økonomisk handlefridom som vil tena innbyggjarane på ein god måte i tida framover. Re-

Spesielt viktig har det vore for meg og kommunestyret å satsa på nye bustadfelt. Her har vi fått gjort ein del i 2022, og lagt planar for vidare satsing framover.

Uansett håpar eg at satsinga på betre vegar, nye bustadfelt og fleire arbeidsplassar vil medføra at fleire kjem til Masfjorden, slik at folketalet kan utviklast positivt. I Masfjorden er det plass til alle.

På vegne av kommunestyret vil eg takka alle dei som gjer Masfjorden kommune til ein flott stad å bu og leva i!

*Karsten Totland*  
ordførar

Årsmelding og rekneskap for Masfjorden kommune 2022 vert med dette lagt fram til politisk handsaming. Årsmeldinga ser ein på som ein viktig del av den informasjonen kommunen skal gje til innbyggjarane.

Etter fleire år prega av koronapandemien såg ein for seg normalisering i 2022. Me fekk i staden krig i Europa med påfølgjande flyktningstraum frå Ukraina. Masfjorden kommune gjorde vedtak om å ta i mot 50 flyktningar.

Det endra trusselbiletet har prega året og situasjonen førte til svært høge energiprisar, noko kommunen samla sett kom godt ut av. Høg kraftpris gav betydeleg meirinntekt av konsesjonskraft enn opphavleg budsjett tilsa, og «redda» kommuneøkonomien i 2022.

Driftsrekneskapen for Masfjorden kommune 2022 kom ut med eit positivt netto driftsresultat, godt over måltalet. Netto driftsresultat er ei av dei finansielle måltala kommunen styrer etter. Målet er identisk med tilrådd nasjonalt nivå netto driftsresultat på 1,75%. Vi har to andre mål som går på gjeld, og netto rente og avdragsutgifter. Alle tre måltala vart nådd i 2022.

Vi har vore gjennom nokre driftsår der ein har hatt vanskar med budsjettarbeidet, men der forholda i løpet av året har gjort at økonomien har utvikla seg særst positivt for kommunen, og rekneskapsresultatet har blitt svært bra.

Siste året er det to forhold som må nemnast som truar dette. Det gjeld framlegg til nytt inntektssystem, der Masfjorden kjem svært dårleg ut om tilrådingane (nærare omtala på side 6) vert følgt opp, samt at ein opplever stadig truslar mot kraftrettane. Det andre gjeld gjeringa sin pressekonferanse 28.9.22 om trekk i rammetilskotet grunna konsesjonskraftinntektene. Dette trudde ein først ville gjelde for 2023 i form av ei melding den 22.12.22 med eit trekk i neste år si rammeoverføring med heile 47,5 mill.kr. Dette er nærare omtala nærare omtala på side 4.



Investeringane i 2022 var heller små, med m.a. utbetringa ved Matre skule, tiltak vassverk, med sum investeringsutgifter på knappe 15,7 mill.kr. Det er lagt opp til mindre investeringar i økonomiplan 2022-25, etter at investeringsnivået var på eit historisk høgt nivå i 2020, med samla investeringar på nær 100 mill.kr.

Masfjordsambandet og folketalsauke er dei to viktigaste måla som er sett ned gjennom kommuneplanen. I 2022 har det skjedd lite nytt for realisering av Masfjordsambandet, samt at folketalet har gått litt opp.

Kommunen er aktiv med medverknad/tilrettelegging av nye bustadfelt for at folketalsauken kan halde fram, noko som er både utfordrande og krevjande. Kommunen prøver å medverka til å få realisert tiltak m.a. gjennom kommunal delfinansiering, og såleis få igangsett utbygging for ein del av desse satsingane. Det er oppretta eige fond for bustadrealisering, som pr. utgangen av 2022 var på om lag 12 mill.kr.

Gjennom årsmeldinga legg vi opp til å gje eit blick inn i dei kommunale tenestene og drifta. Mykje og stor innsats vert lagt ned kvar einaste dag i Masfjorden kommune. Det er den jamne innsatsen frå den einskilde tilsette, som driv kommunen framover og som er ein sentral faktor for at innbyggjarane i Masfjorden skal kunne trivast og ha det godt.


*Svein Helge Hafslundsgaen*  
rådmann

## DRIFTSREKNESEKAPEN

Masfjorden kommune sin rekneskap for 2022 syner eit netto driftsoverskot på 15,8 mill., og utgjør 5,0 % av driftsinntektene i året.

Årsavslutningsdisposisjonane viser at:

- Det er overført 4,2 mill. til dekning av investeringsaktiviteten gjennom året
- Det er brukt netto 2,0 mill. av bundne fondsmidlar gjennom året
- Det er avsett net3,6 mill. til frie fondsmidlar gjennom året.



Økonomisk oversikt drift (tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrift §5-4	Rekneskap 2022	Justert budsjett 2022	Opph. budsjett 2022
Rammetilskot	-81 499	-81 108	-82 104
Innteks- og formueskatt	-60 163	-57 738	-48 968
Eigedomsskatt	-24 498	-24 498	-27 000
Andre generelle skatteinntekter	-14 985	-14 709	-14 709
Andre overføringar og tilskot frå staten	-14 174	-13 666	-700
Overføringar og tilskot frå andre	-62 223	-58 322	-41 281
Brukarbetalingar	-13 317	-12 614	-12 795
Sals- og leigeinntekter	-47 472	-43 359	-22 892
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-318 332</b>	<b>-306 013</b>	<b>-250 448</b>
Lønsutgifter	145 338	146 036	136 580
Sosiale utgifter	31 942	34 577	32 981
Kjøp av varer og tenester	73 068	68 667	48 944
Overføringar og tilskot til andre	40 325	40 955	16 249
Avskrivningar	10 160	10 167	7 936
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>300 834</b>	<b>300 401</b>	<b>242 690</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-17 498</b>	<b>-5612</b>	<b>-7 758</b>
Renteinntekter	-2 190	-1 390	-640
Utbytte	-1 016	-1 000	-650
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	5 374	5 300	0
Renteutgifter	2 702	3 232	3 232
Avdrag på lån	6 998	7 000	7 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>11 868</b>	<b>13 142</b>	<b>8 942</b>
Motpost avskrivningar	-10 160	-10 167	-7 936
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-15 790</b>	<b>-2 637</b>	<b>-6 752</b>
Overført til investeringsrekneskaper	4 162	4 162	650
Avsettingar til bunde driftsfond	1 073	467	0
Bruk av bundne driftsfond	-3 050	-3 583	-543
Avsetting til disposisjonsfond	38 730	26 863	8 845
Bruk av disposisjonsfond	-25 124	-25 273	-2 200
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>15 790</b>	<b>2 637</b>	<b>6 752</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Driftsinntektene i 2022 er på 318,3 mill., og viser ein auke på 37,5 mill. (13,4 %) frå 2021.


Driftsutgiftene auka i same periode med 47,4 mill. (18,7 %), til 300,8 mill.

Kommunen sitt brutto driftsresultat i 2022 er følgjeleg eit overskot på 17,5 mill. Når vi legg til renter og avdrag, utbytteinntekter og resultat frå kortsiktige finansplasseringar, samt reverserer den rekneskapsmessige effekten av avskrivningane, har Masfjorden kommune eit netto driftsoverskot på 15,8 mill. (5,0 %).

Året 2022 ble eit annleis år, prega av rekordhøg straumpris, flyktningstraum frå Ukraina, hyppige rentehevingar, lærarstreik frå 20.juni til 27.september 2022. Lokalt ble året i tillegg prega av høg aktivitet innanfor bustadutvikling, fleire forskoteringar knytt til idrettsanlegg, og tiltak for å redusere vedlikeholdsetterslep.

Fleire tiltak og aktivitetar gjennom året ble finansiert ved bruk av disposisjonsfond i 2022. Samstundes syner rekneskaper ein netto styrking av disposisjonsfonda med 13,6 mill. Masfjorden kommune er avhengig av ein styrking av disposisjonsfondet i lys av dei usikre inntektsutsikta for 2023 og åra framover.

## KRAFTINNTEKTER



Masfjorden kommune hadde 69,2 mill. i kraftrelaterte inntekter i 2022, opp frå 52,6 mill. i førre år. Dette utgjør om lag 22,0 % av kommunen sine samla brutto driftsinntekter. Auken i 2022 i høve 2021 ligg hovudsakleg i konsesjonskraftomsetning.

I tidlegare år har opppe i om lag 25 % av dei samla inntektene vore knytt til kraftproduksjonen i kommunen. Auken i 2022 skuldast historisk høg kraftpris, medan heller låge inntekter i 2020 skuldast svært låg kraftpris gjennom året, som slo kraftig ut på konsesjonskraft då ein låg i spot med krafta.

Kraftprisen i vårt prisområde (NO5) vart på nesten 76 øre i 2021, som er den soleklart høgaste årsprisen i moderne tid. At denne høge kraftprisen i 2021 skulle aukast med 2,5 gonger denne prisen for 2022, var det nok få som såg for seg. 2022 enda opp med ekstreme prisar, med gjennomsnittleg spotpris på 193,4 øre/kWh. Siste 3 åra har vore ekstreme, 2 siste i form av høge prisar, medan 2020 med billigaste prisar.

	31.12.2022
Konsesjonsavgift	3 199 992
Naturressursskatt	11 747 563
Trekk inntektutjamning	- 4 278 000
Konsesjonskraft	33 978 674
Eigedomsskatt kraftverk og nett	23 562 301
Utbytte	948 000
<b>Sum kraftinntekter</b>	<b>69 158 530</b>

### Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein viktig skatt for Masfjorden kommune, og utgjorde 24,5 mill. i 2022. Tidlegare var eigedomsskatten utskriven for verk og bruk, men endring i eigedomsskattelova gjeldande frå 2019 fjerna utskrivingsalternativet verk og bruk, som medførte at kommunen måtte føreta endring i utskriven eigedomsskatt for (2019 og) 2020-22 til landa på eigedomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2022 er 7 promille.

### Naturressursskatt

Naturressursskatten er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjør 1,3øre/kWh, der 1,1 øre går til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten vert utjamna i kommunen sitt inntektssystem, og snitt for kommunane er at ein beheld om lag halvparten av denne skatten. Naturressursskatten utgjorde brutto for 2022 kr. 11,7 mill., noko som er ein liten nedgang i høve 2021. Kommunen får eit trekk i netto inntektutjamning med om lag 4,3 mill. kr. Kommunen sitt att med netto 7,5 mill.kr. i 2022, som er om lag 2,4 mill.kr. mindre enn i 2021.

### Utbytteinntekt

Masfjorden kommune er ein stor vertskommune for kraftutbygging, men er ein liten eigar. Kommunen har eigardel på 0,1% i BKK AS som i 2022 ga eit utbytte på 0,9 mill.

## Konsesjonsavgift

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einsskilte kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjer det som ein kallar for Kraftfondet. Kraftfondet har ein fondskapital på ein million kroner innbetalt av BKK i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget. Fondet vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt to i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980. Fondet vert årleg tilført avgift, som i 2022 utgjorde omlag 3,2 mill. kr. Det er eige budsjett og eige styre for handsaming av søknader knytt til disponering av fondsmidlane

Etter gjeldande lover skal inntil 10 % av høvesvis gjennomsnittleg kraftmengde (ved ervervs-konsesjonar) eller krafttauke (ved regulerings-konsesjonar) avståast til dei kommunar eller fylkeskommunar der kraftanlegga ligg. Avståing og fordeling av konsesjonskraft vert avgjort av vedkommande departement med grunnlag i kommunen sitt behov til den alminnelege elektrisitetsforsyning. Samla konsesjonskraftvolum utgjer 68,9 GWh i Masfjorden, det kommunen ut i frå alminneleg forsyning ikkje tek ut, går til fylkeskommunen.



I 2022 tok vi ut konsesjonskraft tilsvarende 51,3 GWh (ned med 2 GWh i høve 2021) av den tildelte konsesjonskrafta på 68,9GWh. Volumet utover det kommunen tek ut går til Vestland fylkeskommune. Konsesjonskrafta for 2022 har vore basert på avtale om prisgaranti og ikkje i spot – kommunen valde ei form for prissikring med erfaring frå 2020, og ein netto gevinst på nær 34 mill.kr.

## Sjokk-trekk for kraftkommunar

### Trekk i rammetilskot som følgje av konsesjonskrafta 2023.

**Forholdet starta med pressemelding 28.9.22 frå regjeringa;** «Forslaget innebærer et ettårig trekk i rammetilskuddet på til sammen 3 milliarder kroner fra kommuner og fylkeskommuner i områder med høyest strømpriser, altså Østlandet, Sørlandet og Vestlandet». Saka vart orientert om i kommunestyremøte same dag, 28.9.22 (sjå møteprotokoll). Trekk og føringar jf. skriv komm.dept. 14.10.22., men ingen konkretisering av trekket.

I dialog med kommunal- og distriktsdepartementet okt.- des. vart det antyda eit trekk på 20 – 21 mill.kr., etter at kommunen sitt konsesjonskraftvolum for 2023 vart ned justert til 39,4 Gwh.

Kommunen sitt budsjett for 2023 vart vedteke den 15.12.22, med basis i eit rammetilskot på 88,8 mill.kr.

Om kvelden den 22.12.22 fekk vi beskjed om eit trekk i neste års rammetilskot på 47,5 mill.kr., noko som er 27,5 mill. kr. meir enn kva vi hadde forventa og fått signal om frå kommunal- og distriktsdepartementet.

### Slik blir trekket i rammetilskot i kraftkommunane

Pressemelding 22.12.2022 frå Kommunal- og distriktsdepartementet: Stortinget har vedteke at kommunar og fylkeskommunar med inntekter frå konsesjonskraft i område med svært høge straumprisar (prisområde NO1, NO2 og NO5) skal få eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 milliardar kroner i 2023. No er fordelinga av trekket fastsett.

I pressemeldinga står det m.a. at «Regjeringa har vore oppteken av at trekket skal stå i eit rimeleg forhold til dei faktiske inntektene». Men sjå her!! :

4629	Modalen	-
4634	Masfjorden	47 475 mill.

Når regjeringa kjem med ei slik melding med ein langt høgare sum utan forklaring seint den 22.12.22, framstår dette som useriøst. Vi må då ha ein gjennomsnittleg spotpris i 2023 på kr. 3,80 for at regjeringa skal kunne halde sine lovnader om trekk på 1/3 av inntekta utover 70 øre. Regjeringa må då tru at vi skal tene nesten 150 mill.kr. på 39,4 Gwh. Då må gjennomsnittsprisen bli det doble av det den ser ut til å bli i 2022. Det har ein ingen tru på.

Kraftprisen fall med over 40% i løpet av desember 2022. Dette vert utfordrande å handtere i 2023. Regjeringa legg til grunn at kommunane kan pårekne ein spot/kraftpris på 2 kr. i 2023. Trekket på 47,5 mill. kr. utgjer kr. 1.205 for Masfjorden sin del (og som går att for mange av kommunane som vert trekt).

Kommunen har kostnader med uttak av kraft, med OED-pris på ca. 12 øre til sjølvkost på om lag 25 øre, som med innmatingsavgift og andre kostnader med eit volum på 39,4 GWh utgjer om lag 5 mill.kr. Dette medfører at vi må ha ein pris på kr. 1,35 for å komme i balanse i 2023. Veldig stort gap mellom regjeringa sine forventningar (og ikkje følgt opp grunnlaget for trekk av 28.9.22) vs kommunen sine anslag. Forholdet vert følgt opp i neste års årsmelding.

## FINANSIELLE MÅLTAL

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handlevna vert ivaretatt over tid. Kommuneleva § 14-2 bokstav c) pålegge kommunestyret til å fastsetje finansielle måltal som hjelpemiddel i den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Masfjorden kommune vedtek gjeldande måltal i K-sak 058/2020. Desse er:

### Netto driftsresultat (NDR)

Langsiktig mål for netto driftsresultat i prosent av samla brutto driftsinntekt vert sett til minimum 1,75 %.

År	2019	2020	2021	2022
NDR	2,2%	4,7%	13,0%	5,0%
Status		OK	OK	OK

### Utvikling i netto rente- og avdragsutgifter

Langsiktig mål for vekst i netto rente- og avdragsutgifter (NRA) vert sett til å vere lågare enn vekst i samla brutto driftsinntekt (BDI).

År	2019	2020	2021	2022
NRA		20,7%	8,6%	-6,1%
BDI		-0,4%	9,6%	13,4%
Status		X	OK	OK

### Netto lånegjeld (NLG)

Langsiktig mål for netto lånegjeld i prosent av samla brutto driftsinntekt vert sett til maksimum 60 %. Netto lånegjeld er definert som kommunen sin gjeld med frådrag for formidlingslån (startlån).

År	2019	2020	2021	2022
NDR	29,6%	52,7%	45,6%	38,0%
Status		OK	OK	OK

## Inntektssystemet for kommunane, høyring NOU 2022:10

«Inntektssystemutvalget ble oppnevnt ved Kongelig resolusjon 12. mai 2020, og fikk i oppdrag å foreta en helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for kommunene. Inntektssystemet fordeler rammetilskuddet og omfordeler skatteinntekter mellom kommuner. Inntektssystemet består i dag av tre hovedelementer: innbyggertilskuddet med en utgiftsutjevning, ulike regionalpolitisk begrunnede tilskudd og en omfordeling av skatteinntekter gjennom inntektsutjevningen. Utvalget skulle vurdere dagens inntektssystem for kommunene og de ulike elementene i dette, samt komme med et forslag til utforming av inntektssystemet. Utvalgets utredning ble overlevert til Kommunal- og distriktsministeren 29. august 2022. Departementet ønsker at berørte og interesserte aktører vurderer utvalgets anbefalinger og sender derfor utredningen på høyring. Høyringsuttalelser skal avgis digitalt på regjeringen.no. Dette gjøres under «Send inn høyringssvar» nederst på denne nettsiden. Alle kan avgi høyringsuttalelse. Høyringsuttalelser er offentlige etter offentleglova og blir publisert sammen med øvrige høyringsuttalelser».

Inntektssystemutvalet har lagt fram eit omfattande dokument (om lag 300 sider), og i denne saka er det difor lagt vekt på dei delane av tilrådinga som har størst konsekvens for Masfjorden kommune. Fordelingsverknadene av framlegget er at dei mest sentrale kommunane får høgare inntekter pr innbyggjar, og at dei økonomiske verknadene vert gradvis dårlegare med lågare sentralitet, slik at dei minst sentrale kommunane tapar mest (tabell 15.9, s. 254).

Utvalet skriv (kap. 2.4, s.17): «Samla sett kommer de minste kommunene og kommunene som i dag har de høyeste inntektene, negativt ut av utvalgets forslag, mens mellomstore og større kommuner kommer positivt ut.»

Verknaden for Masfjorden kommune er ført opp med opp med kr 4 663 lågare inntekter pr innbyggjar (s. 276), som årleg vil utgjere

nedgang på 7,8 mill.kr., slik at dette fører til at Masfjorden er den kommunen i Vestland som kjem dårlegast ut i fylket, og kjem svært dårleg ut og på landsbasis.

### Høyringssvar

Masfjorden kommune går sterkt imot at framlegget til endringa i inntektssystemet frå utvalet som legg fram NOU 2022:10 vert gjennomført.

Vi er sterkt imot innlemming av kommunale kraftinntekter og andre inntekter som havbruksfondet i inntektssystemet. Etter framlegget skal «kraftkommunane» dele 10% av sine konsesjonskraftinntekter med resten av landet. Då vasskraftutbyggingane vart vedtekne, vart det som ein del av vilkåra for utbygging, vedteke ein føresetnad om at kommunane skal ha varige særlege inntekter. Inntektene er varig kompensasjon for dei negative inngrepa i vår natur som følgje av vasskraftutbyggingar. Slike inntekter kan ikkje avviklast ved endringar i eit inntektssystem for kommunesektoren. Konsesjonsvilkåra lever vidare uavhengig av korleis inntektssystemet vert endra. Vi viser elles til grundig uttale frå LVK/naturressurskommunane på dette område.


Vi finn det urovekkjande at små distriktskommunar kjem dårleg ut i framlegget til nytt inntektssystem for kommunane, og meiner det er viktig at desse kommunane heller får betre utteljing i inntektssystemet og såleis vert sett betre i stand til å skape ei god samfunnsutvikling. Det har vore nedsett ein del utval opp gjennom åra som har sett på ulike endringar i inntektssystemet – alle med same resultat for Masfjorden sin del, fører til nedgang i sum rammetilskot. Fokus på innbyggjar og einheitskostnader, fangar i stadig mindre grad opp avstandar og reisetid, som ein liten distriktskommune med store avstandar og ein fjord som skil kommunen gjer at ein må oppretthalde 3 skular, barnehagar etc., som ut i frå folketal skulle tilseie 1. Bruprosjektet som kunne ha løyst store deler av desse utfordringane får ein i liten grad dra hjelp og avklaringa på frå sentral hald.

Masfjorden kommune vurderer det som viktig at mindre kommunar med høgt utgiftsbehov knytt til ressurskrevjande brukarar får tilført nok ressursar til å sikre eit godt tilbod, og meiner finansieringsordninga framleis bør ligge utafor Inntektssystemet.

## DRIFTSUTGIFTER

Kommunen sine driftsutgifter gjennom 2022 er på 300,8 mill. inklusiv kapitalelement i form av avskrivningar. Korrigert for kapitalutgifter, er driftsutgiftene på 290,7 mill.

Løn- og sosiale utgifter utgjør hovudtyngda av driftsutgiftene (62 %). Kommunalt konsum av varer og tenester står for 25 % og resten er overføringar.



- Løn og sosiale utgifter (177,3 mill.)
- Kjøp av varer og tenester (73,1 mill.)
- Overføringar og tilskot til andre (40,3 mill.)

Samla endring i høve 2021 innanfor løn og sosiale utgifter er i rekneskapsåret på 5,3 %. Tilsvarande tal for 2021, 2020 og 2019 var på høvesvis 4,0 %, -1,6 % og 2,6 %.

Fastlønspostane viser ein auke på 4,2 mill. (3,4 %) frå 2021, mens variabel lønspostane viser ein auke på 2,3 mill. (15,6 %) for same periode. Både fast og variabel lønspostane er godt innanfor budsjetttramma for 2022. Sosiale utgifter har auka med 2,5 mill. (8,4 %) frå 2021, og viser eit mindreforbruk på 2,6 mill. i høve budsjett.

Kommunen sine kjøp av varer og tenester omfattar både tenester som leverandørane yter til kommunen sjølv (tenester som inngår i kommunen sin tenesteproduksjon) og tenester som leverandørane yter direkte til brukarane på vegne av kommunen (tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon). Rekneskapan viser eit meirforbruk på 4,4 mill. for desse i høve budsjett. Postane med størst meirforbruk er straum (1,7 mill.), vedlikehaldspostar (1,8 mill.) og matvarer (0,5 mill.). Overføringar og tilskot er utgifter som ikkje er knytt til kjøp eller avtale om leveranse/produksjon av bestemte tenester. Rekneskapan 2022 viser ein dubling for desse utgiftene i høve 2021. Auken skuldast høgare overføringar til private blant anna som følgje av bustadutviklingsprosjekt og høgare meirverdiavgiftskompensasjonsgrunnlag som følgje av høgare aktivitet. I høve budsjett 2022 viser posten eit samla mindreforbruk på 0,6 mill. som kan forklarast med tiltak innarbeidd i budsjett som har hatt forsinka framdrift. Finansutgiftene omfattar rente- og låneutgifter og avdrag på lån. Renteutgifter på både kommunale og vidareformidlingslån er utgiftsført i driftsrekneskapan, medan berre avdrag på kommunale lån belastar driftsrekneskapan. Utviklinga i rentemarknaden gjennom året har gitt store utslag for både renteinntektene og -utgiftene til kommunen. Solid overskotslikviditet har gitt kommunen 1,7 mill. i høgare bankavkastning enn året før. Samstundes har renteutgiftene til kommunen i same periode auka med 1,2 mill. Med stabile avdragsutgifter etter gjeldande nedbetalingsplan, har netto rente- og avdragsutgiftene som følge av det blitt lågare med 0,5 mill. i høve 2021.

Finansplasseringane til kommunen har gjennom året fått lågare marknadsverdi. Disse plasseringane er klassifisert som omløpsmidlar og er etter rekneskapsprinsipp vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Endringa i marknadsverdi er følgeleg rekneskapesteknisk ført som eit urealisert tap på 5,4 mill. Rekneskapan 2022 viser samstundes samla utbytteinntekter på 1,0 mill., der utbytte frå eigarpost i EVINY AS utgjør 0,9 mill.

Bevilgningsoversikt drift (tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrift §5-4	Rekneskap 2022	Justert budsjett 2022	Opph. budsjett 2022	Rekneskap jf justert budsjett 2022	Rekneskap 2021
Rammetilskot	-81 499	-81 108	-82 104	391	-84 118
Inntekts- og formueskatt	-60 163	-57 738	-48 968	2 425	-51 164
Eigedomsskatt	-24 498	-24 498	-27 000	0	-27 298
Andre generelle driftsinntekter	-29 159	-28 374	-15 409	785	-20 026
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-195 320</b>	<b>-191 718</b>	<b>-173 481</b>	<b>3 601</b>	<b>-182 606</b>
Sum bevilgningar drift, netto	167 661	175 940	157 787	8 278	145 272
Avskrivningar	10 160	10 167	7 936	7	9 953
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>177 822</b>	<b>186 107</b>	<b>165 723</b>	<b>8 285</b>	<b>155 225</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-17 498</b>	<b>-5 612</b>	<b>-7 758</b>	<b>11 886</b>	<b>-27 381</b>
Renteinntekter	-2 190	-1 390	-640	800	-542
Utbytte	-1 016	-1 000	-650	16	-888
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	5 374	5 300	0	-74	-6 211
Renteutgifter	2 702	3 232	3 232	530	1 508
Avdrag på lån	6 998	7 000	7 000	2	7 031
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>11 868</b>	<b>13 142</b>	<b>8 942</b>	<b>1 274</b>	<b>898</b>
Motpost avskrivningar	-10 160	-10 167	-7 936	-7	-9 953
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-15 790</b>	<b>-2 637</b>	<b>-6 752</b>	<b>13 154</b>	<b>-36 437</b>
Overført til investeringsrekneskapan	4 162	4 162	650	0	527
Avsetningar til bunde driftsfond	1 073	467	0	-606	15 116
Bruk av bundne driftsfond	-3 050	-3 583	-543	-533	-22 683
Avsetningar til disposisjonsfond	38 730	26 863	8 845	-11 866	48 107
Bruk av disposisjonsfond	-25 124	-25 273	-2 200	-148	-4 630
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>15 790</b>	<b>2 637</b>	<b>6 752</b>	<b>-13 154</b>	<b>36 437</b>
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

### Året 2022 ble eit veldig annleis år:

- Krig i Europa førte med seg flyktningstraum. Masfjorden kommune har forplikta seg til å busette 50 flyktningar frå Ukraina. Det vert oppretta eiga flyktning-konsulentstilling, vaksenopplæringa vert styrka og utleigebustadar vert oppgradert med utstyr og nødvendig inventar.
- Alvorleg energikrise i Europa førte med seg svært høge kraftprisar. Sørlege delen av Norge opplevde rekordhøg straumpris i 2022, mens i nord var prisen veldig låg mesteparten av året. Straumprisen for landet som heilheit var veldig høg i alle kvartalene i 2022, og spesielt høg i 3.kvartal. Masfjorden kommune fekk rekordhøg salsomsetning frå konsesjonskraft gjennom året og tenestestadane merket òg dei høge straumrekningane.
- Styringsrenta i starten av året låg på 0,5 % og på slutten av året var renta auka til 2,75 % etter fleire og store renteendringar frå Norges Bank. Denne utvikling gir uttrykk både for inflasjonsutviklinga i landet generelt og utviklinga i renteutgiftene for låneforpliktingane kommunen har.
- Lærarstreik som varte i 3 månader og ble avslutta med tvungen lønsnemnd. Resultatet av streiken vert først iverksett i februar 2023 etter at kjenninga frå Rikslønsnemnda kom.
- Høg aktivitet knytt til prosjekt innan bustadutvikling, med samla utgifter på 8,5 mill. gjennom året. Aktiviteten er finansiert med tidlegare avsette disposisjonsfondsmidlar.
- Tiltak for å redusere vedlikehaldsetterslep på til saman 4,9 mill. gjennom året. Tiltaka er finansiert med tidlegare avsette disposisjonsfondsmidlar.
- Masfjorden kommune brukte 9,5 mill. av premiefondet i KLP til betaling av pensjonspremiar gjennom året. Dette har gitt ein positiv likviditetseffekt for kommunen.

Rammeområde **Folkevalde organ** viser eit marginalt meirforbruk i høve budsjett. Området omfattar funksjonane politisk styring og kontroll/revisjon. Politisk styring viser eit meirforbruk på kr 87.000 knytt til løn og sosiale utgifter, mens kontroll/revisjon viser eit mindreforbruk på kr 38.000.

Rammeområde **Administrasjon** viser eit samla mindreforbruk på 0,1 mill. i høve budsjett. Området omfattar den administrative leiinga med støtte- og fellesfunksjonar. Løn og sosiale utgifter har gjennom året hatt eit meirforbruk på 0,2 mill., mens driftspostane viser eit mindreforbruk på 0,3 mill.

Rammeområde **Barnehage** viser eit samla meirforbruk på 0,7 mill. i høve budsjett. Området omfattar drift av kommunen sine 3 barnehagar med lokalar. Drift av barnehagane viser eit meirforbruk på 0,4 mill. som er i sin heilheit lønsrelatert. Førskulelokalar viser eit meirforbruk på 0,3 mill. som er knytt til straum- og vedlikehaldsutgifter.

Rammeområde **Skule** viser eit samla mindreforbruk på 1,3 mill. i høve budsjett. Området omfattar PPT, MOT, vaksenopplæring, drift av kommunen sine 3 skular med lokalar, samt skuleskyss. Grunnskule viser eit mindreforbruk på 2,1 mill. som er i all hovudsak knytt til løn og sosiale utgifter. Denne fordeler seg ganske likt mellom skulane. SFO-drift viser balanse i høve budsjett. Skulelokalar viser eit meirforbruk på 0,7 mill. som er knytt til straum- og vedlikehaldsutgifter. Skuleskyss viser eit meirforbruk på 0,1 mill.

Rammeområde **Helse** viser eit samla mindreforbruk på 0,5 mill. i høve budsjett. Området omfattar helsestasjons- og legekontordrift, samt fysioterapi, hjelpemidlar og legevakt. Helsestasjon viser eit mindreforbruk på 0,2 mill. som er i sin heilheit knytt til løn og sosiale utgifter. Psykisk helse viser eit

Bevilgningar drift, netto (tal i tusen):	Rekneskap 2022	Justert budsjett 2022	Opph. budsjett 2022	Rekneskap jf justert budsjett 2022	Rekneskap 2021
Folkevalde organ	2 907	2 858	2 807	-49	2 732
Administrasjon	15 884	16 015	15 076	132	13 590
Barnehagar	17 989	17 338	16 550	-651	17 530
Skular	47 698	48 977	47 416	1 279	44 955
Helse	14 446	14 991	14 448	544	12 908
Sosial og barnevern	8 189	8 024	5 049	-164	4 021
Pleie og omsorg	58 442	57 648	52 700	-793	51 324
Kultur	11 909	11 241	6 825	-667	7 124
Kyrkja	3 935	4 050	3 500	115	3 487
Teknisk	29 778	32 126	11 392	2 348	13 393
Andre tenesteområde	-43 515	-37 330	-17 976	6 185	-25 791
<b>Sum</b>	<b>167 661</b>	<b>175 940</b>	<b>157 787</b>	<b>8 278</b>	<b>145 272</b>

mindreforbruk på 0,4 mill. som skuldast forsinka rekruttering av psykolog. Fysioterapi viser eit meirforbruk på 0,2 mill., mens hjelpemidlar har eit mindreforbruk på 0,1 mill. ved årsslutt. Rekneskapstala for resten av avdelingane er omtrent i balanse i høve budsjett.

Rammeområde **Sosial og barnevern** viser eit samla meirforbruk på 0,2 mill. i høve budsjett. Området omfattar drift av NAV Fensfjorden, sosialhjelp og barnevernstenesta. NAV Fensfjorden viser eit mindreforbruk på 0,1 mill., barnevernsområda viser balanse og sosialstønadutbetalingane viser eit meirforbruk på 0,3 mill.

Rammeområde **Pleie og omsorg** viser eit samla meirforbruk på 0,8 mill. i høve budsjett. Området omfattar drift av Masfjorden sjukeheim med kjøkken og vaskeri, heimetenesta med bu og aktivitetssenter, samt drift og vedlikehald av omsorgsbustadane og institusjonslokalar. Sjukeheimsdrifta viser eit meirforbruk på 0,3 mill., som fordeler seg mellom løn og sosiale utgifter (meirforbruk på 0,6 mill.), driftspostar (meirforbruk på 0,3 mill.) og brukarbetalingar (meirinntekt på 0,6 mill.). Heimetenesta viser eit meirforbruk på 1,2 mill. som er i sin heilheit knytt til løn og sosiale utgifter. MBA viser eit mindreforbruk på 0,8 mill. som i stor grad er knytt til meirinntekt for ressurskrevjande tenester. Rekneskapstala for resten av avdelingane viser omtrent balanse i høve budsjett.

Rammeområde **Kultur** viser eit samla meirforbruk på 0,7 mill. i høve budsjett. Området omfattar bibliotek, idrettsskule, kulturskule, kulturforvaltning, drift og vedlikehald av idrettsanlegg, samt kulturmidlar til lag og organisasjonar. Kulturskulen viser eit meirforbruk på 0,1 mill. som er i all hovudsak knytt til løn og sosiale utgifter. Idrettsanlegg, både kommunale og ikkje kommunale, viser eit meirforbruk på 0,6 mill. som er knytt til straum- og vedlikehaldsutgifter samt tilskot til lag og organisasjonar.

Rammeområde **Kyrkja** viser eit samla mindreforbruk på 0,1 mill. som er knytt til forsinka framdrift kring tiltak for å redusere vedlikehaldsetterslepet.


Rammeområde **Teknisk** viser eit samla mindreforbruk på 2,3 mill. i høve budsjett. Området omfattar eigedomsforvaltning, landbruks- og naturforvaltning, vedlikehald av kommunale vegar, brannberedskap og sjølvkosttenester. Mindreforbruket kan i all hovudsak forklarast med forsinka framdrift på fleire tiltak som ligg i budsjett. Utanom dette viser kommunale bustadar og kommunale vegar eit lite meirforbruk knytt til vedlikehald, mens aktivitet innanfor bustadutvikling viser litt lågare aktivitet enn budsjettet legg til.

Rammeområde **Andre tenesteområde** viser eit samla mindreforbruk på 6,2 mill. i høve budsjett. Felles pensjonspostar står for ein meirinntekt på 4,8 mill., mens sal av konsesjonskraft står for ein meirinntekt på 3,0 mill. i høve budsjett. Administrasjonslokalar viser eit meirforbruk på 0,3 mill., diverse felles postar viser eit meirforbruk på 0,2 mill., mens tilrettelegging og bistand for næringslivet viser eit meirforbruk på 1,1 mill. i høve budsjett.



## INVESTERING

Kommunen sin investeringsrekneskap for 2022 syner eit høgare aktivitetsnivå enn året før, prega av få men middelsstore investeringsprosjekt. Alle gjennomførte prosjekt er fullfinansiert utan optak av lån.



Investeringsutgiftene gjennom året er på 16,2 mill., og fordeler seg slik:

Bygg/eigedom	8,6 mill.
Kommunale vegar	1,3 mill.
Sjølvkostområda	5,7 mill.
KLP eigenkapitalinnskot	0,6 mill.


Rekneskapen viser investeringsinntekter på 2,7 mill., som omfattar kompensasjon for meirverdiavgift på 2,3 mill. og motteke spelemidlar knytt til dagsturhytta på 0,5 mill. Investeringsaktiviteten er vidare finansiert med overføring frå drift på 4,2 mill. og bruk av ubundne fondsmidlar på 9,3 mill.

Netto utgifter til vidare utlån syner eit utlån på 0,1 mill. gjennom året. Mottatte avdrag på startlån er gjennom året lågare enn avdrag som Masfjorden kommune sjølv betaler. Underdekninga på 0,2 mill. er dekt ved bruk av bundne investeringsfond.

Det er gjennom året ikkje tatt opp nye lån, korkje til investeringsføremål eller til vidareutlån (startlån). Ved utgangen av 2022 har Masfjorden kommune 3,5 mill. i ubrukte lånemidlar til investeringsføremål og 3,8 mill. i ubrukte startlånsmidlar.

Investeringsprosjekt (tal i tusen)	Rekneskap 2022	Justert budsjett 2022	Opphavleg budsjett 2022
IKT- og EDB investeringar	0	0	500
Sandnes skule - rehabilitering	423	425	375
Matre skule - vindauge og isolering	3 363	4 402	1 500
Masfjorden sjukeheim - varme og isolasjon	1 838	1 907	1 750
Masfjorden sjukeheim - kjøkken	0	0	500
Ombygging lager på Duesund	3 221	2 747	0
Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	-250	-250	0
Kommunale vegar	1 342	1 350	1 000
Vassforsyning	374	260	600
Ny grunnvasskjelde Øvredalen/Andvik	1 594	1 483	0
Vassleidning Mollandseidet - Duesund	3 765	3 766	0
<b>Investering i varige driftsmidlar</b>	<b>15 672</b>	<b>16 090</b>	<b>6 225</b>

Investeringane i 2022 er finansiert slik:




## BALANSEN

Balanserekneskapa viser oversyn over kommunen sin økonomiske situasjon på eit tidspunkt, og viser kommunen sine eigedelar og korleis desse er finansiert.


Eigedelane blir klassifisert som anleggsmidlar eller omløpsmidlar.

Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, og omfattar varige driftsmidlar, utlån, pensjonsmidlar og eigenkapitaltilskot til pensjonsordninga i KLP.



Utviklinga av eigedelar frå 1991 og fram til 31.12.22 ( tal i heile tusen)


**Kommunen sine eigedelar** viser ein auke på 201,4 mill. i perioden 2019-2022. Av auken står pensjonsmidlar/premieavvik for 51,4 mill. og varige driftsmidlar for 86,9 mill. Kommunen sine plasseringar av både varig/strategisk og ikkje varig art viser i same periode en auke på 3,9 mill., medrekna urealisert gevinst/tap. Kortsiktige fordringar viser ein auke på 5,7 mill., og bankplasseringar viser ein auke i perioden på 50,2 mill. Utlån som omfattar vidareutlånsmidlar (formidlingslån) viser ein auke på 3,4 mill.



### Eigenkapital

Eigenkapitalen består av en fondsdel og kapitalkonto. Kapitalkontoen beskriv kor mykje kommunen har brukt av eigenkapitalen sin til å finansiera anleggsmidlar, og framkommer som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar.


Kommunen sin eigenkapital viser ein auke i perioden 2019-2022 på 135,8 mill. Kapitalkontoen står for 84,0 mill. av auken og frie fond for 60,6 mill., mens bundne fond viser reduksjon på 8,7 mill.



### Gjeld


Gjeld blir klassifisert som langsiktig og kortsiktig. Gjeld som blir tatt opp med formål i tråd med kommunelova sin § 14-14 blir klassifisert som langsiktig. Pensjonsforpliktingar er også av langsiktig karakter. Tingar er også av langsiktig karakter.

Kommunen sine gjeldsforpliktingar viser ein auke i perioden 2019-2022 på 65,6 mill. Av auken står pensjonsforpliktingar/premieavvik for 5,4 mill. og annan kortsiktig gjeld for 13,1 mill. Både formidlingslån og lån med investeringsformål viser i same periode ein auke på høvesvis 2,2 mill. og 44,9 mill.



## EIGENKAPITALEN

Eigenkapital og gjeld, utgjer pr. 31.12.22 kr. 839 182 000, fordelt med 40,5% eigenkapital og langsiktig gjeld med 54,4% og kortsiktig gjeld med 5,1%.



## SALDO BRUFOND

Brufond 12.040.326,30 pr. 31.12.22

Masfjorden kommunestyre fatta følgjande vedtak den 31.5.2012, sak 45:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill. kr. som eigenfinansieringsdel i Masfjordsambandet.
2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill. kr. frå Kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.

## LÅNEGJELD

Lånegjelda er redusert med 8 mill.kr. i 2022, og utgjer 131,5 mill.kr. pr. 31.12.22

Pensjonsforpliktiga auka med 21.4 mill.kr. i 2022.




Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeld på 454 mill. kr.

## ARBEIDSKAPITAL

(som er summen av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld)  
Auka med 2 mill.kr. i 2022 til 135,1 mill.kr.

## FONDSMIDLAR

Fondsmidlar auka samla sett med 2,1 mill.kr. i 2022, ein del endringa i samansetjinga av fondsmidlane.



## NÆRING/KRAFTFONDET

Masfjorden har ei eiga årsmelding om næring/kraftfondet som ein finn på kommunen si heimeside [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no) under Start→ Sjølvhjelp → Kraftfondet, samt strategisk næringsplan.

### Folketalet i Masfjorden 2013- 2022



Viktigaste premis for løyvingane 2022 budsjettet vert gitt av kommunestyret i samband med rammesaka, som for 2022 vart handsama/vedtatt den 24.6.21. Den viktigaste premisen er vidareføring av tidlegare års driftsnivå og moderat investeringsnivå etter eit år med store investeringa.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2022.

Følgjande handlingsreglar var styrande for Masfjorden kommune i 2022:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)
  - Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt
  - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 30 %.
- For 2022 kan vi konstatere at det ikkje var vesentlege negative avvik i budsjettpremissane, og alle handlingsreglar vart nådd.

**KOSTRA** (Kommune-Stat-Rapportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunalt virke. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstillt for å gje relevant informasjon til avgjerdestakarakar både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring. KOSTRA-tal er innrapporterte rekneskapstal pr. 19. februar 2022 for 2022. Endleige KOSTRA-tal for 2022 kjem etter at årsmeldinga er ferdigstilt.

Finansielle nøkkeltall	Masfjorden 2022	Alver 2022	Gulen 2022	Gjennomsnitt kommunegruppe *14 2022	Gjennomsnitt Vestland 2022	Gjennomsnitt alle kommunar utan Oslo 2022
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,2	-0,4	9,4	2,6	3,1	2,6
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	92 751	68 447	89 915	88 623	67 726	66 956
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	41,4	122,5	53,0	82,0	102,1	114,2
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	36,6	21,2	39,9	25,6	17,9	21,7
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	216 747	213 352	256 740	218 582	194 063	187 559
Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring, per innbygger 6-15 år	229 405	141 306	242 183	195 043	139 173	133 105
Utgifter pr. innbyggjar i kroner, helse- og omsorgenesta	59 743	38 994	60 011	51 659	35 756	34 500
Andel barn 1-5 år med barnehageplass, prosent	94,0	94,8	94,8	91,6	95,2	93,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	6,9	8,9	6,7	9,3	7,4	7,9
Andel beukartilpassai einerom med eige vat/WCi helse- og omsorgsinstitusjonar, prosent	100	97,9	100	95,2	96,1	93,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, grunnskule	9,2	14,7	7,9	11,5	15,3	15,6
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret+1) ekskl. mva.	5 480	3 464	5 306	5 429	4 558	4 206
Årsgebyr for avløpstenesta (gjeld rapporteringsåret+1) ekskl. mva.	3 700	3 301	4 802	5 613	4 100	4 623
Årsgebyr for avfallstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	3 088	3 840	4 800	3 283	3 096	3 305
Brutto driftsutgifter per innbyggjar, kyrkja	2 378	946	1 681	1 594	772	709

**Kostragruppe 14: Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter.**

Meir info om Masfjorden kommune/kommunesektoren elles finn ein under [www.kostrano.no](http://www.kostrano.no)

## PERSONAL

Totalt tilsette pr 31.12.2022: 240 kvinner og 97 menn

### Likestilling – mangfold - diskriminering og etikk

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Masfjorden kommune har stor overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Ein kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Masfjorden kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn.

I løpet av 2022 vart **Personalreglement, seniorpolitikk og løns-ønspolitisk plan** reviderte. Personalreglementet og seniorpolitikken vart vedtekne av kommunestyret 16.06.22, medan lønspolitisk plan vart godkjend i formannskapet 31.05.22

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Masfjorden kommune vart vedtekne i oktober 2007.

Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Masfjorden kommune.

### Arbeidsmiljøutvalet (AMU) 2019 - 2023

Karstein Totland	- Utvalsleiar
Britt Inger Myhr	- Nestleiar
Bjørn Egil Nordland	- Hovudverneombod (til 31.07.2022)
Solveig Grimslund Trodal	- Hovudverneombod (frå 01.09.2022)
Laila Herbst Totland	- Arbeidstakar representand
Svein Helge Hofslundsengen	- Medlem
Svein Viktor Ellingbø	- Medlem

Byte av hovudverneombod gjorde at Bjørn Egil Nordland trekte seg ut av AMU, mens hovudverneombod Solveig Grimslund Trodal vart nytt medlem i AMU.

AMU hadde 4 møte i 2022, og handsama hovudsakeleg saker som er på eit overordna nivå, som mål og status for systematisk HMT-arbeid, gjennomføre HMT dag, HMT/vernerunde -rapportar frå tenesteområda, felles rutinar for kommunen, sjukefråværsrapportar, IA arbeid, opplæring, handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT), med meir, samt arbeidsmiljømessige konsekvensar av kommunens budsjettframlegg. I 2022 vart AMU-møta avhaldne fysisk på kommunehuset på Sandnes. Dette var ei endring frå møta i 2021, som vart avhaldne digitalt. I alt 14 saker vart handsama i 2022.

### Hovudtillitsvalt (HTV) i kommunen

Fagforbund:	Tillitsvalt:
Fagforbundet	Britt Inger Myhr
Sjukepleiarforbundet	Laila Herbst Totland
Utdanningsforbundet	Ørjan Valestrand
NITO	Kjersti Furnes Soltvedt

Det har i 2022 vorte gjennomført 8 møte mellom HTV-ane og rådmann om aktuelle saker innan personalområdet.

## 25 år i kommunen – markering i Stordalen fjellstove



Bak frå venstre: Randi Haugsdal, Gunn Hindenes Andås, Bjørg Kvingedal, Valborg Ringøy, Britt Inger Myhr, ordførar Karstein Totland, Marit Steinestø, Andreas Berg, Svein Helge Hofslundsengen  
Framme frå venstre: Marit Trodal Andvik, Gunn Haugsdal Asheim, Sigvald Kvinge, Solfrid Molland, Ottar Myrtveit, Åse Elin Solheim  
Ikkje til stades: Anne Marit Palmer, Anita Kvamsdal, Kristine Kårdal, Tone Jorun Haugsvær, Tove Mette Fagerheim

Tysdag 8. november var det markering av tilsette med 25 års tenestetid i Masfjorden kommune. Festen vart halden på Stordalen fjellstove. Dette er ein tradisjon som går tilbake til 2002. Over 120 tilsette har fått ei slik markering i løpet av desse åra.

Jubilantar med følgje vart inviterte til ei festsamkome med formannskap, hovudtillitsvalde og representantar frå administrasjonen. Ordførar sa ord om jubilantane og overrekte gåvekort på kr 8.000,-. Hovudtillitsvalde delte ut blommar til alle jubilantane. Kulturskulen ved elev Åshild Andvik og lærar Åsmund Kvinge stod for musikalsk innslag. 19 tilsette var invitert til markeringa.

### Dei kommunale arbeidsplassane er delt inn i sju verneområde, der følgjande tilsette var valt til verneombod i 2022:

Avdeling:	Verneombud:
Hovudverneombod	Solveig Grimslund Trodal
Heimetenesta, omsorgsbustader, Masfjorden bu- og aktivitetssenter	Merete Rugseth
Masfjorden sjukeheim Vara	Ann Camilla Wergeland Arnhild Gerweck
Helsetun, NAV	Kamilla Haukeland
Nordbygda skule/SFO og Nordbygda barnehage Vara	Øyvind Takle Linda May Myrvang
Sandnes skule/SFO og Sandnes barnehage Vara	Ragne Steinde Kjersti Andvik
Matre skule/SFO, Indre Masfjorden barnehage Vara	Grete Nyhavn Grethe B. Oppedal
Kommunehuset Vara	Tone Haugsvær Ottar Myrtveit
GMBR	Ole Kristian Reknes

### Lærlingar

Dette året hatt 6 lærlingar som er fordelt slik:  
Helsefagarbeidarar: 4 Barne- og ungdomsarbeidarar: 3+

## PERSONAL FORTS...

**Sjukefråveret** Tala er inkludert eigenmeldingar

År	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2020	11,7 %	8,3 %	7,0 %	7,5 %
2021	8,9 %	9,7 %	10,3 %	11,4 %
2022	11,0 %	7,9 %	8,0 %	9,1 %

## SENTRALADMINISTRASJONEN

### Kommunikasjon

Kommunen si heimeside er tenkt å vere eitt av fleire kontaktpunkt mellom kommunen og innbyggjarane. Her skal ein finne aktuell, korrekt og oppdatert informasjon frå kommunen. Likeins er heimesida ein stad der publikum skal kunne melde inn saker, til dømes via elektroniske skjema som vert gjort tilgjengelege via heimesida. Kommunen sitt intranett er tenkt å vere ein informasjonskanal og ressurs for dei tilsette. Her kan tilsette finna mykje informasjon og få lett tilgang til skjema, rutineskildringar og viktige styringsdokument med vidare. Det har vore eit mål å få aktivisert denne portalen på ein måte som gjer at dei tilsette får endå større nytte av denne kanalen. I meldingsåret har kapasiteten vore redusert, og ein har måtta prioritert nyhende og viktige saker knytt til ulike hendingar.

### Masfjordingen

I meldingsåret kom det ut 6 utgåver av Masfjordingen. Arbeidet vert gjort av tilsette i administrasjonen og frå kyrkja. I tillegg kjem det inn mange gode bidrag frå innbyggjarar og andre tilsette.

### Tenestetorget, arkiv og dokumenthandsaming



Dagleg jobbar me på tenestetorget med formidling av førespurnader mellom innbyggjarar og sakshandsamarar i kommunen. Digitalisering av tenester via kommunen si heimeside har medført at papirmengda er vorte mykje mindre.

Saman med andre kommunar i IKT-samarbeidet i Nordhordland, er det starta opp mange digitaliseringsprosjekt i 2022. Bakgrunnen for ein del av prosjekta er avslutting av eldre system og innføring av nye. Arkiv har ein viktig rolle i desse prosjekta, og viktig kompetanse vert delt på tvers av dei 11 kommunane. «Samarbeid og fellesløyser» er nøkkelen til ei positiv digital utvikling, både for innbyggjarar, og administrasjonen som tenesteytar.

Etter eit lengre prosjekt valde IKT-samarbeidet i slutten av 2022 å gå over til ei ny arkivløysering med ein frittstående arkivkjerne, Dokumaster.

For vår kommune betyr det at alt av arkivverdige dokumentasjon, frå alle fagsystem, vert fortløpande arkivert ein stad.

Utval	Tal på møte 2022	Handsama saker
Formannskapet	10	124
Kraftfondstyret	3	21
Kommunestyret	6	76
Administrasjonsutvalet	3	17
Teknisk utval	4	31
Tilsetjingsutvalet	22	
Valstyret	0	0
Eldrerådet	3	17
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	1	10
Arbeidsmiljøutvalet	4	22
Ungdomsrådet	4	18

Arbeidet med integrasjonar frå dei ulike fagsystema vil starte i løpet av 2023.

### Samarbeidsprosjekt med andre kommunar

I 2022 deltok kommunen i arbeidet med å laga til konkurransegrunnlag for nytt anbod knytt til sak/arkivsystem. Kva for eit system ein landar på vert bestemt i løpet av våren 2023, og på grunn av valet, vert den nye løysinga rulla ut ved slutten av året. Arbeidet i prosjektet med å få på plass nye skjema vart ikkje avslutta i 2022, men vil fortsette i 2023. Dei ulike skjema vil vere meir brukarvennelege, og skal berre be om informasjon som er naudsynt til vidare sakshandsaming.

## PLANARBEID

### Planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023

Ny planstrategi vart vedteke på kommunestyremøtet den 13.02.2020 i sak 009/2020. Dokumentet vart revidert hausten 2020, og justert planstrategi vart godkjent på kommunestyremøtet den 30.11.2020 i sak 081/20. Denne har vore styrande for kva planarbeid som har starta opp i meldingsåret.

### Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida eit forslag til interkommunal plan for sjøareala i kommunane (planen), jf. plan og bygningslova (pbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentlig ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021.

Kommunen har delteke i dette planarbeidet både i arbeidsgruppa, og med ordførar som medlem i det interkommunale planutvalet. Saka vart sendt på høyring etter vedtak i dette utvalet den 06.11.2022. Denne høyringssaka vart handsama i formannskapet i møte den 15.12.2022, i sak 071/22.

### Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune

Kommunen sende i brev dagsett 24.06.2020 kunngjering om planoppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for 2020 – 2032 ut på høyring. Framlegg til plan var på høyring fram til 25. november 2021, og endeleg plan vart revidert og endra tidleg i 2022. Kommunedelplanen vart godkjent i kommunestyret i møte den 24.02.2022, i sak nr 010/22.

### Oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2022 – 2033

Formannskapet vedtok i møte den 02.09.2021 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2022 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vart sendt på høyring. Planprogrammet vart godkjent i kommunestyret den 24.02.2022, sak 009/22. Av kapasitetsmessige grunnar har administrasjonen ikkje fått tid til å jobba meir med planen i meldingsåret.

### Oppstart av kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Formannskapet vedtok i sak 081/2021 i møte den 18.10.2021



oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatn og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vart sendt på høyring. Planprogrammet vart godkjent i kommunestyret i møte den 24.02.2022, i sak 008/22.

Deretter vart det gjennomført tilbodskonkurranse, for å henta inn fagleg konsulent til planarbeidet, og føretaket HRP Prosjekt AS fekk tildelt oppdraget. Planarbeidet er i meldingsåret koma langt, det som står igjen er mellom anna faglege vurderingar og undersøkingar knytt til nye drikkevasskjelder/ reservevasskjelder på nordsida av kommunen.

### Reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes

Formannskapet i Masfjorden kommune hadde møte den 04.02.2021, sak 011/2021, og gjorde då vedtak om å leggje 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret gnr. 30 bnr. 23 m.fl. ut til offentlig ettersyn. Revidert framlegg til reguleringsplan vart etter møte i formannskapet den 18.10.2021 sendt ut til offentlig ettersyn. I møte den 05.05.2022, i sak 027/22 vart reguleringsplanen for området godkjent av kommunestyret.



*Utsikt mot aust frå planområdet*

### Reguleringsplan for Hosteland Vest

I brev av 15.12.2021 vart det kunngjort oppstart av reguleringsplan for Hosteland Vest, og sendt ut framlegg til planprogram på høyring. Føremålet med planarbeidet er å regulera inn bustadtomter med tilhørande veg, infrastruktur, leikeareal, friluftsområde og småbåthamn med vidare. Planprogrammet vart godkjent i formannskapet den 29.02.2022, i sak 039/22.

Deretter vart det gjennomført anbodskonkurranse, for å henta inn fagleg konsulent til planarbeidet, og føretaket ABO Plan & Arkitektur AS fekk tildelt oppdraget i brev av 21.07.22. Hausten har gått med til å jobba fram utkast til reguleringsplan med tilhørande fagrapportar knytt til skred og VA-plan.

### Reguleringsplan for Botneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl.

Formannskapet vedtok i møte den 18.10.2021, i sak 21/670 oppstart av reguleringsplanarbeid (områdeplan) for Botneset gnr. 31 bnr. 1 m.fl, samt å senda framlegg til planprogram ut på høyring. I møte i formannskapet den 29.08.2022, i sak 084/22 vart planprogrammet godkjent. I 2022 vart det og gjennomført arkeologisk feltregistrering, og det medførte funn av to automatisk freda lokalitetar (kulturminne som er freda direkte med lov, utan særskilt vedtak), knytt til steinaldertida. Arbeidet med å engasjere plankonsulentføretak vart starta opp i desember, og er difor ikkje landa enno.

## PLANARBEID FORTS...

### Private reguleringsplanar

#### Reguleringsplan for del av Totland (gnr. 26 bnr. 2,5 m.fl.)

Planen gjeld regulering av den gamle hermetikkkabrikken med føremål å få regulert inn eit område for smoltanlegg med store kummer ute, og etablering av fjellhallar med mindre kummer inne i desse. Planprogrammet vart godkjent i formannskapet den 17.11.2020, i sak 111/2020. I meldingsåret har det berre vore litt kontakt mellom administrasjonen og planleggjar.

#### Reguleringsendring Rørdalen ved Stordalen Fjellstove

Kommunen fekk framlegg til reguleringsendring inn før sommarferien, og dette vart handsama i formannskapet den 29.08.2022, som valde å senda framlegget ut på høyring. Saka er enno ikkje avslutta.

#### Breibandutbygging

Det vart skrivne ei sak om breibband til Tangedalen til formannskapet sitt møte den 31.08.2020, sak nr 070/20. Saka vart følgd om med søknad om tilskot i 2021 til fylkeskommunen, og i e-post frå fylkeskommunen den 02.07.2021 kom det melding om at det vert gjeve eit tilskot på krone 200.000 for å få breibband til Tangedalen. Prosjektet vart gjennomført i 2022 i regi av Telenor.

#### Ytre Haugsdal bustadfelt

Kommunestyret handsama i møte den 05.05.2022 sak om godkjenning av kjøpsavtale knytt til areal i bustadfeltet i Ytre Haugsdal. Avtalt kjøpesum vart krone 2 million. I haust engasjerte kommunen eit konsulentforetak til å utarbeide anbudsgrunnlag før innhenting av totalentreprise. Det er i meldingsåret utarbeidd funksjonsskildring og laga til kravspesifikasjon for all naudsynt infrastruktur som skal på plass i feltet, inkludert rigg og drift.



Planlagt bustadfelt (HRP AS)

#### Risnes næringsområde

Formannskapet handsama i møte den 29.04.2022, i sak 050/22 kjøp av 7 dekar næringsareal på gnr 6 bnr. 10 ved Drageidevegen. Planen er å leggja til rette for bedrifter.

#### Busskantstopp på Matre

Formannskapet handsama i sak 011/2022 i møte den 20.01.2022 prioritering av trafikktryggleikssøknader for 2022. Formannskapet gjorde då vedtak om mellom anna å prioritere busskantstopp med meir ved Matre skule. Vestland fylkeskommune ga våren 2022 tilsegn om tilskot, jf. vedtak i trafikktryggingutvalet den 10.03.2022 på krone 403.000,- (50% av kostnadsoverslaget) til

busskantstopp med fortau. Den 6 mai 2022 fekk føretaket Norconsult AS oppdraget med å laga byggeplan for prosjektet, og det vart utarbeidd gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune. Samstundes vart det inngått avtale med Statsbygg om kjøp av veggrunn. I slutten av året vart saka sendt ut på anbod. Det som no står igjen er endeleg løysing knytt til finansiering og kontrakt med entreprenør.

#### Tilskot og arbeid med utbetring av fylkesvegar – Austfjordvegen og Masfjordvegen

Statens Vegvesen og Vestland fylkeskommune tildelte i desember 2020 til saman 20 millionar, som skal gå til vidare utbetring langs fylkesveg 570 frå Andåskrysset til Masfjordnes. I meldingsåret har det vore møte med prosjektleinga til Vestland fylkeskommune, og vegarbeidet vil venteleg verta starta opp februar 2023. I meldingsåret vart det prosjektert fleire utbetringar lang Masfjordvegen frå Mollandseid og vidare innover forbi Rekneset. Parallelt med dette arbeidet vart det inngått avtalar med grunneigarar om kjøp av veggrunn. Dette arbeidet vert gjort for å laga grunnlag for gode vegprioriteringar/ utbetningsprosjekt hjå Vestland fylkeskommune.

Kommunestyret handsama i møte den 28.09.2022, i sak 051/22 sak om kommunal forskottering/ tilskot på inntil 3 million til vegutbetringar mellom Kalhovda og Kringla i Gulen kommune. Bakgrunnen for denne saka var å få utnytta overskotsmassar frå tunnelarbeid langs E39. Kommunen engasjerte ein konsulent til å prosjektere/ planleggja utbetringar på denne strekninga, der målet i første omgang var å kunna leggja steinmassane frå tunnelarbeidet direkte på stadar med flaskehalsar, for å få til gode møteplassar og breiddeutviding. Det vart inngått samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune, og fleire avtalar med grunneigarar om kjøp av veggrunn, og i haust starta arbeidet opp i regi av fylkeskommunen, med å grava av jord og utlegging av steinmassar på utvalde stadar.

#### Grunnvassundersøkingar sør for Storavatnet ved Andvik

Det vert vist til referatsak 099/2021 i formannskapet den 01.11.2021 om å starta opp arbeid med å finna borehol for drikkevatt i Andvik, som supplering til eksisterande uttaksbrønner. Det vart i slutten av november gjort grunnundersøkingar og boringar i området i regi av føretaket Asplan Viak AS og Vestnorsk Brønnboring AS. Så langt viser undersøkingane og analyseresultat at området kan vera godt eigna til å etablere nye uttaksbrønner i. Det som attstår er no prøve-taking/pumping over ei lengre tidsrekke, eit arbeid som venteleg vil starta opp i 2023.

#### Beredskapsarbeid

KKL har hatt fleire møter tidleg i meldingsåret knytt til koroanepidemien, og nokon av desse skjedde i samband med konkrete smittesituasjonar i kommunen. Nye nasjonale føringar har vorte følgd opp med lokale tiltak og informasjon om dette er vorte lagt ut på heimesida til kommunen. Det vart utarbeid fire tiltaksplanar knytt til uønska hendingar, som vart lagt inn i DSB CIM systemet. Travle tider etter koronaepidemien har gjort at kommunen ikkje har prioritert å ha kriseøvingar i meldingsåret. Kriseplanen vart revidert i august 2022.



## BARNEHAGANE

Kommunedelplan for oppvekst 2014-2026 fortel om status og utfordringar innafør barnehagesektoren. Den seier noko om korleis vi vil ha det innanfor området oppvekst i Masfjorden kommune. Det same gjer handlingsplanen - Oppvekst til økonomiplanen.


Til dømes: Barnehage og skule skal gje eit likeverdige tilbod i alle tre oppvekstområda. Barnehagane løyser dette med å ha felles satsingsområde for alle tre barnehagane, og ein felles del i årsplanen.

- Bading på Matre for dei eldste barna i alle 3 barnehagane i perioden frå oktober til mai
- Førskuletur som avslutning på badinga

Masfjorden kommune hadde full barnehagedekning i 2022. Alle som søkte, fekk plass. Det er to hovudopptak pr. år, 1. mars og 1. oktober.

Barnehageprisen i 2022 var kr. 3050.- pr. mnd for full plass. Ingen av barnehagane har hatt ventelister.

Nordbygda barnehage fekk Rekomp-midlar som vart nytta til eit prosjekt i lag med NLA der tema er språk og språklæring på digitale flater. Dette for å bygge opp under språkopplæringa i barnehagen og å styrka den digitale kompetansen til barna og dei tilsette. I 2022 har Sandnes- og Matre barnehage fått Rekomp midlar, med same satsingsområde som Nordbygda har hatt. Alle tre barnehagane nyttar DUÅ i sitt arbeid, og har fokus på å følgje det opp. Trygt og godt barnehagemiljø har stort fokus i våre barnehagar.



Netto driftsutgifter per innb. 1-5 år i kr., barnehagar

Masfjorden kommune har skifta internkontrollsystem til Net Power. Der vert rutinar og prosedyrar for barnehagane lagt inn.

Dei tre barnehagane har eit godt samarbeid på styrarnivå. Dei deltek på styra/rektormøte ca. ein gong pr. måned. Møta vert organisert med fellesdel for skule og barnehage eller separate møte, der kulturskulerektor har høve til å delta. Kommunale samlingar for dei pedagogiske leiarane har halde fram i den grad det har vore høve til det.

### Mål og visjon

Barnehagane i Masfjorden byggjer den pedagogiske drifta si på tre hovudmål:

1. At barna er trygge og trivst
2. At barna lukkast i sosial samspel på tvers av alder
3. At barna får ei oppleving av at omsorg, leik og læring går hand i hand.

Visjonen vår er det vi skal strekkje oss mot, og som er hovudfokus for arbeidet vårt i barnehagen:

Ein barnehage me er stolte av!

Alle, både store og små, skal trivast i barnehagen. Dei vaksne skal sjå kvart einskild barn, og gje dei gode mogelegheiter for å utvikle seg positivt. Barna skal føle at me har TID til dei, og at dei vert tekne på alvor. Me ynskjer at barnehagen skal vere eit positivt samlingspunkt i nærmiljøet.

### Barnetal og prognosar

2020:	2021:	2022:	2023:	2024:
81	74	78	77	77

## BARNEHAGANE FORTS.

### Satsingsområder:

1. Samarbeid på tvers av dei tre barnehagane i kommunen
  - Bading for førskulebarna i perioden oktober til desember
2. Samarbeid mellom barnehage og skule i Matre oppvekstområde:
  - Førskuledagar og overgangssamtalar vart gjennomført innanfor smittevernvenlege rammer
3. Språk og språkutvikling
  - Oppstart av ReKomp-prosjektet «Språk og språkutvikling gjennom digitale verktøy» hausten 2022

### Barnetal og tilsette i 2022

**Indre Masfjorden barnehage:** 13 barn og 4,3 stilling i tillegg til lærling og reinhaldar. Ein har hatt to barnehagelærarstudentar og ein ungdomsskuleelev i praksis.

**Sandnes barnehage:** 27 barn og 8 tilsette, ein assistent overført frå skulen til barnehagen, 1 praksiselev frå vg 1.

**Nordbygda barnehage:** 38 barn og 11,8 stillingar i tillegg til praksiskandidat, lærling og reinhaldar.

### Kompetanseheving

Livredningskurs for dei som har bading, felles brannvernkurs, felles førstehjelpskurs, ReKomp samarbeid med NLA med auke av digital kompetanse og satsing på språkstimulering og fagprøve i barne- og ungdomsarbeid. Tre barnehagelærarar har tatt vidareutdanning gjennom UDIR.

### Andre hendingar

#### Sandnes barnehage:

30 års jubileum i 2022. Dette vart feira med ope hus for bygda, kake og klovnen Knut. Tur til Modalen.



#### Nordbygda barnehage:

Solidaritetsaksjon til inntekt for FORUT, bibliotekbesøk med høgtlesing, utedagar for førskulegruppa, tur til Modalen, badetur til Ånneland og besøk for å helse på dyr. Har jobba med «Trampoline» som er førebuing til lesing og skrivning.

#### Indre Masfjorden barnehage:

Barnehagetur til Modalen barnehage, sommarfest, markering av Samefolkets dag, samarbeid med skulen om Blimedansen, besøk av Askeladden friteater. Torbjørn prest og Tina trusopplærar har vor på besøk.

Barnehagane i Masfjorden har i 2022 tatt imot barn med kollektiv beskytting frå Ukraina. I tillegg har ein opna opp for språkpraksis for nokre av dei vaksne ukrainarane.

Det er godt samarbeid innafor oppvekstområda mellom barnehage, skule og bibliotek. Overgangen barnehage skule er viktig og her samarbeider ein godt.

Nytt PPT samarbeid i Fensfjorden PPT har vore positivt. Alle barnehagane har no spes.ped. koordinator, og gjennomfører tverrfagleg team om lag ein gong pr. månad. I samband med De Utrolige Årene har Masfjorden også blitt ein viktig del av samarbeidet på tvers av Fensfjord-kommunane Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden.

Det er i 2022 utført ein del vedlikehald i barnehagane mellom anna skifting av vindaug og anna. Ein ser at uteområda er prega av slitasje, og trong for fornying og oppgradeing er signalisert for neste år.

## SKULANE

Sektoren skule i Masfjorden omfattar grunnskule, SFO, PPT og vaksenopplæring.

SFO- tilbodet blir gjeve av kvar einskild skule, delvis i samarbeid med barnehagane. I feriar og på skulefrie dagar er SFO i barnehagen så langt det er praktisk mogleg. På den måten får me brukt personalressursane mest effektivt. LK-20 (Fagfornynginga) vart teken i bruk hausten 2020 for 1.-9. klasse, og for 1. 10. frå 2021. Alle eksamenar vart avlyst 2022. Alle skulane har 1-1 PC dekning for elevane, og ein går etter kvart over på meir digitale læreverk. Skulane har fokus på elevane sitt læringsmiljø. Nordbygda og Matre skule har fått Rekomp-midlar til arbeid med analysekompetanse. I samarbeid med HVL er dette arbeidet restarta.


Barn i SFO hausten 2022:

Matre skule:	13
Nordbygda skule:	28
Sandnes skule:	18

I sommarferien samarbeider nokre barnehage og SFO om å halda ope. Barnehagane held stengd ulike veker, slik at det alltid er minst ein barnehage som er open. Alle skulane tilbyr leksehjelp.

Skulane: Etter krav frå statlege styresmakter vert det kvart år utarbeidd ein tilstandsrapport. Rapporten skal omfatta læringsresultat, fråfall og læringsmiljø og vert handsama av kommunestyret. Det vart i 2022 laga ei kvalitetsmelding for skule og barnehage, i staden for den obligatoriske tilstandsrapporten.

I 2022 reiste elevar frå Masfjorden på leirskule på UWC i Fjaler att.



Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring pr innb 6-15 år

### Elevtal og prognosar

År:	Matre skule	Nordbygda skule	Sandnes skule	Totalt
2018	62	96	64	222
2019	57	98	64	219
2020	51	92	67	210
2021	50	99	57	206
2022/23	50	104	47	200
2023/24	52	106	55	213

Felles prosjekt: Kommunen er framleis med i MOT. MOT-arbeidet er godt etablert på alle skulane, og MOT-informatørane har ei god hand om arbeidet.

PPT-samarbeidet : Frå 01.01.22 vart Masfjorden kommune med i Fensfjorden PPT i lag med kommunane Fedje, Gulen og Austrheim. Austrheim kommune er vertskommune for samarbeidet. Det er oppretta fagråd der alle kommunane er representert i lag med leiar for PPT. Samarbeidet har fungert svært godt. Ein har fokus på felles satsingsområde for regionen. Begynnaropplæring i lesing, førebyggjande arbeid etc. er noko av satsingane. Betre tverrfagleg samarbeid har hatt fokus. Det er oppretta ei arbeidsgruppe på tvers av fag og kommunar, og det har vore arrangert 2 dagars felles satsing for leiarar i skule og barnehage. Dette er finansiert av pengar frå Kompetansereforma (speskomp).

### Vaksenopplæring

Masfjorden kommune tilbyr norskopplæring til framand-språklege, som for kortare eller lengre tid bur i Masfjorden. I samband med mottak av flyktingar frå Ukraina i 2022, er det oppretta ei avdeling med vaksenopplæring på Sandnes skule. Vi kan og tilby vaksenopplæring/spesialundervisning for dei som etter lova har rett til slik opplæring. Dette er etter sakkunnig tilråding og enkeltvedtak, og vert organisert lokalt.

## MATRE SKULE

Me er vorte gode på uteskule og utetid. Lærarane er kreative og har utnytta tid til praktisk undervisning ute. Begrepet fysisk aktivitet vart på ein måte utvida og skuledagane startar med ein skikkeleg gåtur for dei fleste. «Matre rundt» har fått nytt innhald og vorte eit nytt omgrep.

I februar besøkte Kjersti Wiik 1. og 2.klasse med sine songskattar.

Lesing var eit prioritert område hjå oss. Språktrening og språkstimuli er viktige område som vart arbeid mykje med blant dei yngste elevane.

Dei eldste elevane arbeidde med fag, hospiterte innimellom. Elevane i 8.klasse har kvart år timar valfag for veka. Dette året kunne dei velja mellom «Friluftsliv» og «Innsats for andre». «Innsats for andre» lot seg godt kombinera med «Digitalt utanforskap», og elevane våre fekk frå august eit flott steg inn for å gjera ein innsats for andre. Dei møtte pensjonistane med kaffi, vaflar og ei lita læringsøkt i å senda snap, sms eller for å ta imot ein e-post. Det var fine møte på tvers av generasjonar. Dei fann positive og gode møteplassar med barnehagen og har laga ulike turneringar for medelevane på skulen.

Skulen, saman med politiet, inviterte foreldra til «Delbart». Eit opplegg om nettbruk og nettvett. Mange foreldre møtte fram.

9.mai gjennomførte ungdomsskuleelevane eit opplegg som Bjørn West-musèet og Raftostiftelsen stad for. Tema for dagen var «Det gode- menneskeverd og moglegheiter i krig og okkupasjon» og «Det vonde – kvifor gjer menneske vondt mot kvarandre»? Eit flott og svært aktuelt opplegg . Ein heil skuledag med film, informasjon og omvisning på musèet og samarbeidsoppgåver på skulen etterpå.

I mari var det leirskule på UWC for 7.klasse. Opptur for 8.klasse og innskriving av fire nye 1.klassingar.



Juni gjekk utan eksamen. Likevel prøvde me å avslutta fag som normalt med oppsummeringar, fagdagar og heildagsprøvar. Utover dette vart semesteret avslutta med sykkelturnar og små fjellturnar. Dei 4 fire elevane som avslutta 10.klasse fekk sin fest og



sine vitnemål. Sommarfest for alle elevane vart gjennomført 20. juni med spreidde grupper ute.

Heilt på tampen av skuleåret inngjekk me ein partnerskapssamarbeid med HVL. Hovudtema er «Analysekompetanse» som skal jobbast med over fleire år framover.

Desember og juleavslutningar vart gjort enkelt i år. I ei førjulstid, der me hadde lov å samlast, vart det ein felleskveld med skjemt og alvor. Julemarsj med oppgåver og skulegudsteneste sette punktum, før me gjekk inn i nokre gode og etterlengta fridagar. Eit meir normalt år enn på lenge gjekk mot slutten.



### No og framover

Som sagt før, har Matre skule lågt elevtal. Totalt ligg elevtalet på ca 50. Det største kullet på 11 elevar går ut til våren og inn kjem tre nye elevar. I tillegg kjem det flyktningar.

I barneskulen gjekk 1. og 2.klasse saman dette skuleåret. Det gjorde også 3.-5.klasse og 6. og 7.klasse. I ungdomsskulen gjekk 8. og 9.kl saman. 10.klasse gjekk åleine.

Me har flotte elevar på Matre skule. Men rektor med fleire, meiner framleis at eit elevtal i ungdomsskulen på 13-14, er altfor lite med tanke på miljø, trivsel og faglege utfordringar.

## NORDBYGDA SKULE

### «Korleis kan vi betre bruka nærmiljøet vårt i undervisninga?»

Dette spørsmålet vil vi på Nordbygda skule forsøkje å finna svar på i åra som kjem. Skulen har oppretta eit samarbeid/utviklingsprosjekt med Høgskulen på Vestlandet som alle tilsette blir involverte i. I dette prosjektet vil vi freista å finna gode svar på korleis vi kan nytta ressursane som finst i nærmiljøet vårt i undervisninga.



### «Opplæringa skal opne dører mot verda og framtida.»

Erasmus+ er EU sitt program for utdanning og opplæring. Gjennom Erasmus+ kan barnehagar, grunnskular og vidaregåande skuler samarbeide med europeiske samarbeidspartnarar, og få støtte til å sende elevar og tilsette på læringsopphold i utlandet. Prosjektet skal bidra til å styrke den internasjonale dimensjonen i opplæringa, og gje opplæringa auka kvalitet.

Nordbygda skule er blitt akkreditert Erasmus+ skule for perioden 2022-2027. At vi er akkreditert betyr at vi er sikra midlar i heile perioden dersom vi finn partnarskular i Europa som vi ynskjer å besøkje og samarbeida med. Vi kan til dømes samarbeida med andre skular som ligg i eit Unesco-biosfæreområde eller verdsarvområde slik som hjå oss, eller vi kan finna samarbeidspartnarar som også har fokus på digitalisering, eller på bruk av nærmiljøet i undervisninga. Vi er både stolte og begeistra, for å stå på lista over akkrediterte Erasmus+ skular.

**Foreldra ved Nordbygda skule** gjer eit viktig arbeid for skulemiljøet både gjennom FAU (foreldrerådets arbeidsutval), men også i det daglege. FAU har også i år sytt for juletre og kokt julegraut, slik at dei 102 elevane våre fekk ein stemningsfull inngang mot høgtida. I tillegg har foreldreutvalet arrangert elevkveldar for både mellomtrinnet og ungdomsskuletrinnet, og dei



hadde dugnad i vår, der uteområdet fekk fin oppgradering.

**Digital kompetanse** er eit område, som vi som skule, stadig må halda oss oppdaterte på. At elevane får laga podcast om eit læringstema er ein ny og kjekk inngangsport, og ny måte å nytta digitale hjelpemiddel på, og som mange av lærarane våre utforskar no. Omgrepet «kunstig intelligens» har treft norsk skule det siste halvåret: Korleis vi som skule skal møte denne nye teknologien er i skrivande stund uklart. Dette er eit så komplekst tema, at vi voner nasjonal styresmakt vil gje skule-Noreg gode råd i tida som kjem. Kommunen vår gjev elevane og dei tilsette godt og oppgradert digitalt utstyr. Vi opplever også at det interkommunale samarbeidet IKTNH, som Masfjorden kommune er ein del av, gjev oss som brukarar gode tenester.

**Elevrådet** på Nordbygda skule har tradisjon for å vera aktive og fulle av initiativ. også i år sender elevrådet representant til kommunen sitt ungdomsråd, der også tidlegare elevrådsleiar, som no går på vidaregåande skule, er representant.

SFO er ein svært populær og kjekk plass å vera for dei yngste elevane våre. Mellom 80-90% av elevane er på SFO om onsdagane. Dyktige tilsette fagarbeidarar syter for varierte og kjekke aktivitetar for barna!

Vi opplever at det nye Fensfjorden PPT gjev oss god oppfølging og nyttig rettleiing, og vi har fått til eit tett og fint samarbeid med dei som er tilsett i dette nye interkommunale samarbeidet.



## SANDNES SKULE



Masfjorden kommune vart frå nyttår ein del av Fensfjorden PPT. Sandnes skule tok del i det nye interkommunale samarbeidet og fekk såleis ny PP-rådgjevar. Ein god og viktig samarbeidspart for skulen gjennom heile dette året. Å byggje laget rundt eleven er ei nasjonal satsing og har som mål at det tverrfaglege samarbeidet skal vere «tett på barnet». Skulen har no sitt eige tverrfaglege team som treffest ein gong i månaden.



I februar lyste eit engasjert FAU ut ein teiknekonkurranse der to elevar nådde fram med kvar sitt motiv som dekorerte nye skulegensarar. På skulen kunne ein plutselig sjå elevar og tilsette i nye og fine hettegensarar i alle regnbogens fargar. Til og med dei nye førsteklassingane som byrja om hausten fekk kvar sin nye genser. Stor til takk til FAU for flott initiativ og koordinering av dugnadsinntekter til gratis genserer til alle elevane.

Då april månad kom, blei det litt lettare enn det hadde vore tidlegare å planleggje felles aktivitetar. Covid-19 hadde over lengre tid vore eit hinder for å møte elevar frå andre skular. Første veka i mai drog elevane i 7., 8. og 9. klasse til UWC i Fjaler på leirskule saman med Matre og Nordbygda. Elevane møttest igjen i juni til felles idrettsdag. Same dagen var skulane sine yngste elevar på Sandnes skule og ungdomsskuleelevane utfalda seg på Matre. Dei ni elevane våre i 10. klasse fekk ei verdig og minnerik av-

runding etter 10 års skulegang ved Sandnes skule. Overnatting i Merkesdalen, skuletur til Oslo med mange fine opplevingar og minne, før avslutningsfest i gym-salen med føresette og tilsette. Eit av høgdepunkta var talen ein av elevane held på vegne av klassen til læraren sin.

Friluftslivet si veke er i starten av september. I tillegg til fjelltur til Torsteins-hytta for alle på skulen, vart veka markert med kanopadling, bading og grilling ved kommunehuset. Seinare den månaden drog tre av skulen sine tilsette på inspirasjonsdag til Dyrkolbotn. Gode verkøy og tips til aktiv læring i naturen er heilt i tråd med den nye læreplanen.

Både borna i SFO og dei yngste elevane er ofte ute og utfaldar seg i naturen. Men ikkje berre på land. Nytt av året er symjeopp-læring i fjorden. I haust kunne dei yngste elevane ikle seg våtdrakter og hoppe ut i fjorden. Bruk av draktene er i eit samarbeid med Fjon UIL. Kompetansar som å bli trygg i vatn og å lære å symje er to av mange viktige mål i skulen. Tiltaket kunne ein også lese om i ei av lokalavisene våre. Kjekt å verte lagt merke til.



Visma Min Skole-appen vart tatt i bruk utover hausten. Eit tilbod som har blitt tatt godt i mot i foreldregruppa. Appen er ei teneste for skule-heim dialog.



Skulen har gode samarbeidspartar gjennom barnehagen, kultur- og idrettsskule, bibliotek og lokalmiljø. Mange møtte forventningsfulle fram då skulen igjen kunne invitere til juleavslutning. Elevane våre viste eit variert program der dei ikledd seg ulike roller og underheld tilhøyrarane med både humor og song.

## MOT

Året 2022 har vore eit meir normalår for MOT. Me fekk endeleg gjennomføre alle dei obligatoriske MOT-besøka og aktivitetane på tvers av skulane.

I mars samla me ein god gjeng i Stordalen, der ungdommane fekk stå slalåm. Ungdommar frå alle skulane var godt representerte.

Laurdag 29.oktober var me inviterte til opprykksfest på Brann stadion, der ungdommane fekk disponere ein eigen losje og fekk treffe senior-spelarar frå både herre og damelaget. Der fekk dei stille dei gode spørsmål og ta bilete. Ungdommane fekk pizza, saft og is, ei flott oppleving for dei som var med.



I samarbeid med kulturskulen arrangerte MOT den årlege dansedagen med sjølvaste Rocke-Rolf som instruktør for alle ungdommane i kommunen. Dette arrangementet var knytt opp mot MOT til å glede-dagen i november. Rolf varta opp med salsa, swing og dansekonkurranse. Me såg mange iherdige danseløver, mykje godt humør og god stemning var det og! Me ser at ungdommane likar å vere samla på sitt trinn i kommunen. Dette er noko dei ser fram til, og ser på det å vere i lag som ein viktig verdi.

## BARNEVERN

Gulen og Masfjorden barnevernteneste – ei interkommunal barnevernteneste med Gulen kommune som vertskommune.

### Personalressurs

Barneverntenesta har 5,4 årsverk.

### Oppgåveløysing/resultatvurdering

Visjonen til Gulen og Masfjorden barnevernteneste er "Barn i fokus". Barna har ein sentral plass i alt vi gjer. Barneverntenesta har eit høgt fagleg fokus.

I 2022 handsama vi 36 meldingar i tenesta. 19 i Gulen og 17 i Masfjorden. 45 born fekk eitt eller fleire tiltak hjå oss, og 13 barn fekk avslutta sak etter å ha nådd måla i tiltaksplanen. Vi utøver dei fleste tiltaka i familien sjølve.

Vi har også oppfølgingsansvar for barn utanfor familien. Desse skal ha oppfølging på ulike nivå.

Tilsynsansvaret for barn som er plassert i Gulen og Masfjorden kommune er lagt til barneverntenesta. Vi har tilsynsansvar for åtte barn frå annan omsorgskommune. Vi har hatt oppfølging av tilsynsførarane. Vi har også oppfølging av tre unge.

Det har blitt gjeve rettleiing i høve samlivsbrot, samvær, samtalar med barn og foreldre som ikkje er registrerte som saker. Vi er på alle sju oppvekstområda. Der har vi samarbeidd med fleire av skulane og barnehagane, og der låner vi rom til samtalar med barn og med foreldre.

### Samarbeid

Barnevernet er ein del av det psykososiale kriseteamet i Gulen, og tverrfagleg støtteteam i Masfjorden. Barnevern og helsesjuepleiarane i begge kommunane har felles fagmøte om lag kvar 6. veke. Dette året har det vore i hovudsak på teams. Leiar deltek på einingsleiar møta i Gulen.

### Utfordringar/utviklingsperspektiv

- Ny barnevernlov og kommunereform frå 01.01.2022, inneber endringar i det forebyggjande arbeidet på tvers av dei kommunale tenestene. Reforma vart kalla barnevernreform, også kalla oppvekstreform.

Bufetat skal ikkje levere tiltak til kommunen som før.

Eigenandel for å kjøpe tiltak er tatt vekk, og kommunane må betale tiltaka dei treng sjølve.

## NAV FENSFJORDEN



NAV Fensfjorden heldt til i Fensfjordbygg, Fensfjordvegen 615, 3. etasje, 5986 Hosteland

Opningstider:  
Hosteland: kl. 10 - 12 tysdag og torsdag,

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Modalen og Masfjorden. Masfjorden kommune er vertskommune, og NAV-kontoret ligg på Hosteland i Masfjorden. Det jobbar totalt 14 personar ved kontoret fordelt på 12,95 årsverk, og vi yter tenester til innbyggjarane i alle 5 kommunane. I tillegg har vi ein stilling knytt til prosjektet Ansvarleg ungdom.

Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet, slik at brukarane får tenester med god kvalitet.

### Prosjekt

NAV Fensfjorden har to prosjekt støtta med midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.

- Prosjekt "Marknadskontakt i NAV" vart tildelt i mars 2019 og varte fram til oktober 2022. Formål er å knyte personar som mottek sosialhjelp opp mot ordinært arbeidsliv. Målgruppa er personar som mottek sosialhjelp som hovudinntekt, flyktningar som deltek i introduksjonsprogram, ungdom som sluttar på vidaregåande skule, og personar som treng hjelp i overgangen soning i kriminalomsorga og over i arbeid. Dette prosjektet er no avslutta. Resultatet visar at tett oppfølging gjer det lettare å hjelpe folk over i jobb. Kontakt med lokalt næringsliv er heilt avgjerande for å gje jobbmoglegheiter til dei som treng ekstra oppfølging.
- Prosjekt "Ansvarleg ungdom" vart tildelt i mars 2021. Formål er førebyggjande økonomisk rådgjeving for ungdom for å hindre at dei pådreg seg unødvendig gjeld. Målgruppa er ungdom frå 10.klasse og opp til 25 år. I dette prosjektet skal NAV delta i undervisning på vidaregåande skule, i ungdomsskule eller andre stader der ungdom treffast. Våren 2022 hadde NAV undervisning i Vg2 og Vg3-klassane på Austrheim vidaregåande skule. Vi har tilbydd undervisning i 10.klasse for skulane i vår region. I tillegg har vi undervist på jobbklubb for ungdom i Knarvik, der og nokre av våre brukarar kan delta.

### Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) er for dei som treng støtte for å kome i arbeid. Programmet skal tilpassast den einkilde og deira utfordringar. Saman lagar ein eit program som skal innehalde arbeidsretta tiltak, opplæringsaktivitetar, individuell oppfølging og rettleing.

Programmet kan òg innehalde andre aktivitetar som støttar og førebur den einkilde på å kome i arbeid. Det kan for eksempel vere å trene på motivasjon, norskkurs, buoppfølging og økonomisk råd og planlegging. I programmet kan du og få tid til nødvendig helsehjelp.

I løpet av 2022 har fleire personar søkt om og fått innvilga deltaking i Kvalifiseringsprogrammet (KVP).

### Arbeid med flyktningar frå Ukraina

NAV Fensfjorden har ikkje flyktingeteneste som del av innhald i NAV-kontoret. Vi har likevel bistått kommunane med delar av den jobben det er når dei tek imot flyktningar. Når flyktingane kjem til kommunen, startar prosessen med introduksjonsprogram. Dette gjer rett på introduksjonsstønad. Før den kjem i gang, må dei ha norsk bankkonto og før den kjem på plass, betalar NAV ut økonomisk sosialhjelp på vegne av kommunen. I tillegg deltek NAV i møte med kommunen om korleis ein kan hjelpe dei flyktingane som kan jobbe, med informasjon om arbeidsmarknad. Mange av flyktingane deltok på karrieremessa som NAV arrangerte saman med Gulen og Masfjorden Utvikling hausten 2022.

### Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp

NAV Fensfjorden fylgjer dei rettleiande statlege satsane for økonomisk sosialhjelp. Tabellen viser utviklinga i satsane dei tre siste åra.

	2020	2021	2022
Einsleg	Kr. 6 250	Kr. 6 450	Kr. 6550/6650*
Ektepar/sambuarar	Kr. 10 450	Kr. 10 800	Kr. 10950/11150*
Person i bufelleskap	Kr. 5 250	Kr. 5 400	Kr. 5450/5600*
Barn 0 - 5 år	Kr. 2 750	Kr. 3 150	Kr. 3200/3250*
Barn 6 - 10 år	Kr. 3 150	Kr. 3 250	Kr. 3300/3350*
Barn 11 - 17 år	Kr. 4 100	Kr. 4 250	Kr. 4300/4400*

\* Satsane på økonomisk sosialhjelp vart justerte 01.07.22 pga. auka vekst i konsumprisane.

Rekneskapan syner denne utviklinga på økonomisk sosialhjelp:

	2020	2021	2022
Yting til livsopphald - Masfjorden	1 406 899	1 055 541	1 849 490



## HELSETENESTA

Helsesjukepleiartenesta i Masfjorden har vore inne i ein periode med endring det siste året. Helsesjukepleiar Randi Ulvøy arbeidde som leiande helsesjukepleiar i 80% stilling fram til april 2022. Då slutta ho stillinga si i Masfjorden kommune.

Helsesjukepleiar Laila Mjånes var i permisjon fram til september, og starta deretter som leiande helsesjukepleiar i 100% stilling.

Psykiatrisk sjukepleiar Anne Hilde Haveland fortsette i 100% prosjektstilling frå januar, og fekk fast stilling i 100% frå april.

Helsesjukepleiar Marta Midtbø har arbeidd i 20% stilling på

helsestasjonen på tysdagar gjennom heile året.

Sjukepleiar Ida Eide hjalp ekstra til på helsestasjonen og i skulehelsetenesta i perioden april-september.



**Me takkar Randi Ulvøy for den gode innsatsen ho har gjort ved helsestasjonen, skulehelsetenesta og for Masfjorden kommune**



### Jordmortenesta

I jordmortenesta er Valborg Nes tilsett i 20 % stilling. Ho er i Masfjorden ein dag i veka, kvar onsdag. Masfjorden sel jordmortenesta til Gulen kommune i 10 % stilling. Dei gravide går til jordmor i Masfjorden. Det er også mogleg å gå på 6-vekeskontroll etter fødsel til Valborg. I 2022 fekk jordmor oppdatert opplæring ift. P-stav og spiral.

### Helsestasjonen

Helsestasjonen er samlokalisert med legekontoret i nye Fensfjordbygg på Hosteland. Her trivs me veldig godt med eit nært og godt tverrfagleg miljø.



Helsestasjonen tilbyr tett oppfølging frå fødsel og framover mot 5-årsalder etter gjeldande retningslinje for tenesta. Fleire av dei fødande reiser tidlegare heim frå sjukehus. Dette medfører auka behov for fleire heimebesøk etter fødsel. Helsestasjonen tilstreber å tilby to heimebesøk til alle med nyfødde barn i Masfjorden. Desse heimebesøka vert gjennomført av helsesjukepleiar.

Helsestasjonen i Masfjorden er godkjent som ammekyndig helsestasjon. Hausten 2022 starta vi med oppdatering av ammeprosedyr og oppdatert opplæring til tilsette på helsestasjonen.

Gjennom året har me hatt småbarnstreff saman med kommunefysioterapeut Lene R. Danielsen, siste onsdag kvar månad. Dette er eit flott sosialt samlepunkt. Vi pleier å ha eit fagleg tema frå fagperson etter ynskje frå foreldre. I 2022 har me blant anna hatt om sol og varme, påkledning på kalde dagar, biltryggleik, lek, førstehjelp, og ernæring. Takk til klinisk ernæringsfysiolog Anne-Merete Reknes for flott bidrag. Takk også for kjekt besøk av bibliotekaren som delte ut bøker til barna.

Helsestasjonen har kompetanse til å tilby foreldrerettleiingsprogramma COS (Circle of security), På gulvet, PMTO (Parent Management Training Oregon), og Godt samliv. Det har ikkje blitt gitt tilbud om dette i grupper i 2022, men det vert nytta inn i enkeltkonsultasjonar. Vi brukar også materiell frå blant anna Stine Sofies Stiftelse, i trygge hender, ASQ, Språk 4 og Sats i konsultasjonane våre. Sats har vi starta opp igjen med i haust, det har blitt brukt i Masfjorden tidlegare, men har ikkje vore i bruk siste åra. Vi har opplevd Sats som nyttig då vi gjennom lek får kartlagt 2-åringar sitt språk, og samstundes oppnår betre kontakt med barna gjennom leiken.

Laila har blitt med som kontaktperson for Masfjorden kommune i fagnettverk om barn som pårørnde. Dette er eit nettverk som består av kontaktpersonar frå fleire kommunar både i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, med mål om å styrke oppfølging av barn som pårørnde. I tillegg har vi halde oss fagleg oppdatert gjennom året med blant anna COS-kurs, helsesjukepleiarkongress, førstehjelpskurs, og diverse webinar.

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta tilbyr vaksinasjon, samtalar og vekstkonsultasjonar på skulane etter gjeldande statlege retningslinjer. I 2022 har skulehelsetenesta hatt faste dagar på skulane. Auka tilgjengelegheit har ført til at fleire elevar, foreldre og lærarar tek kontakt med skulehelsetenesta. Vi merkar oss spesielt at lærarar tek meir kontakt.

Skulehelsetenesta har i 2022 tilbydd undervisning i Psykologisk førstehjelp til alle i 2. og 5. klasse, seksualundervisning på ungdomsskulen, pubertetsundervisning i 5.klasse og undervisning om vald og overgrep på barneskulen. Etter forespørsel frå lærar har vi også hatt Zippis venner på ein skule. Det har vore gut- og jentegrupper ved fleire trinn på nokre av skulane. Vi har også deltatt aktivt i forebygging, kartlegging og behandling i forhold til hovudlus.

Skulehelsetenesta har fast tverrfagleg samarbeid med lærarar, PPT, lege, og barnevern. Vi samarbeider også med BUP ved behov. Hausten 2022 har vi deltatt på foreldremøte i 1., 5. og 8. klasse i samarbeid med barnevernet.

Psykisk helse på skulane er dagsaktuelt og viktig. Skulehelsetenesta bidrar med å fremme elevane si psykiske helse både på individuelt- og gruppenivå. Anne Hilde Haveland, som er psykiatrisk sjukepleiar, er ein svært god og viktig ressurs for skulehelsetenesta i dette arbeidet. Vi har mange individuelle samtalar med elevar for å fremme deira psykiske helse, og har som nemnt over, faste undervisningar om psykologisk førstehjelp. Skulehelsetenesta har også hatt markering av verdensdagen for psykisk helse med eit undervisningsopplegg. Årets tema «Vi trenger hverandre, løft blikket.» for alle klassane på alle skulane. Skulehelsetenesta har også auka sin kompetanse om sjølvmoordsforebygging gjennom Vivatkurs hausten 2022.

### Miljøretta helsevern

Helsestasjonen har tilbydd influensa- og pneumokokkvaksinerings til risikogrupper, målgrupper og andre som ynskja vaksine. Det har vore vaksinedagar på Matre, Hosteland og Sandnes.

### Korona

Som for dei fleste andre, har korona også prega arbeidet vårt, og ført til endra arbeidsoppgåver i periodar. Det har vore naturleg at helsesjukepleiarane har deltatt i smittevernarbeidet kring pandemien, då dette er definert som helsefremmande og forebyggjande arbeid. I 2022 har helsesjukepleiarane hatt ei sentral rolle i forhold til koronavaksinerings.

### Ukrainske flyktningar

Krigen i Ukraina har ført til at kommunane har påtatt seg ansvaret for å ta imot flyktningar. Dette har påført meirarbeid då helsestasjonen har bidratt med helsekartleggings-samtalar og vaksine-status til nykomne flyktningar frå Ukraina.



### Reisevaksinerings

Helsestasjonen gjev tilbod om rettleiing og vaksinerings når innbyggjarane har behov for det. Det har vore mindre reising det siste året og difor mindre behov for reisevaksinasjon. Helsestasjonen gjev elles tilbod om oppfriskingsvaksiner og spesielle vaksiner knytt til arbeid.

### Tverrfagleg samarbeid

- Samarbeider tett med andre i helsetenesta, for å få rett hjelp til barn/unge tidlegast mogleg.
- Deltaking i ansvarsgrupper, og er koordinatorar for enkelt barn som har individuell plan. Følgjer desse barna til dei er 18-20 år gamle.
- Fast samarbeid med barnevern. Tett samarbeid i enkeltsaker.
- Tett samarbeid med skulane og barnehagane i kommunen både på generelt plan og i enkeltsaker.
- Fast samarbeid med PPT både i familiesakar og i oppfølging av barn med psykisk-, sosiale- og lærevanskar.
- Samarbeid med psykisk helse i kommunen i enkelte saker.
- Samarbeider med BUP- Nordhordaland i oppfølging av tilviste barn/unge, og kan konsultere BUP ved behov for rettleiing i enkeltsaker.

### Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta i Masfjorden kommune består av ein kommunal fysioterapeut tilsett i 100% fast stilling, og ein sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut med 100 % driftsavtale med kommunen.

Målet med fysioterapi er å identifisera og optimalisera livskvalitet og bevegelsespotensial innanfor helsefremmande, forebyggjande, behandlande og rehabiliterande/habiliterande verksemd.

Kommunefysioterapeuten er tilsett i ei 100 % stilling. Kommunefysioterapeuten jobbar mest med aldersgruppa 0-18 år, funksjonshemma, heimebuande eldre og bebuarar på sjukeheimen. Året 2022 har vore mykje prega av sjukemeldingar i fysioterapi- og hjelpemiddeltenesta. Det har difor vore mindre aktivitet enn andre år.

### Hovudoppgåver i tenesta

- Gje barn og unge vaksne god habilitering/rehabilitering ved skade eller sjukdom som treng kort eller langvarig oppfølging. Det er eit tett samarbeid mellom helsesjukepleiar og kommunefysioterapeuten om barn som har behov for oppfølging.

Vi samarbeider og med personalet i Masfjorden bu- og aktivitetssenter.

Det vert gjeve informasjon og rettleiing i skule og barnehage der dette er naudsynt, anten på generell basis eller rundt einskilde born.

- Å gje behandling og legge til rette for rehabilitering for eldre, som bur fast eller midlertidig på sjukeheimen, etter å ha blitt utsett for funksjonsfall etter skade eller sjukdom. Det blir og gjeve behandling til heimebuande eldre med funksjonsfall som har vanskeleg for å koma seg til fysioterapeuten av ulike årsaker.

- Helsefremjande og førebyggjande tiltak er t.d. månadleg småbarnstreff i samarbeid med helsesjukepleiar og «Trening for alle».
- Kommunefysioterapeuten har eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg om hjelpemiddelformidling og rådgjeving i hjelpemiddelsaker.
- Kommunefysioterapeuten deltek i Koordinerande eining KE, blant anna med tildeling av IP, utnemning av koordinator til aktuelle brukarar og oppfølging av koordinatorar. Informasjonsarbeid om rehabilitering/habilitering der det er naudsynt. Det er forvaltningskontoret som tek imot søknader og handsamar desse i samarbeid med resten av teamet. Fysioterapeuten er lokal administrator for det digitale verktøyet Visma Flyt Sampro/ Samspel som vert nytta til Individuell plan for dei brukarane som treng det.
- I 2019 vart prosjektet «Trening for alle» starta opp. Dette er eit samarbeid mellom tenesta for psykisk helse, legekantoret og kommunefysioterapeuten. No er det ca. 3-10 personar som møter opp kvar plass. I Nordbygda har me møttest kvar måndag ved idrettsbana på Hosteland kl. 11.00. På Sørsida møtes me ved butikken på Kvingo tysdagar kl. 14.15. I Indrefjorden har helselaget tatt over drifta. Dei møttest ved butikken på Haugsvær tysdagar kl. 10.30. Opplegget er at vi går tur og gjer øvingar for styrke og balanse tilpassa nivået til dei som deltek. Alle er velkomne!

Det er viktig for kommunefysioterapeuten å jobbe tverrfagleg med andre yrkesgrupper for å sikre ei best mogleg oppfølging og betring i funksjon hjå den einskilde som har behov for det. Kommunefysioterapeuten er for bruk av Motiview syklane på Masfjorden sjukeheim. Dei bebuarane som ønskte det, og brukarane av dagavdelinga deltok på Sykkel- VM for eldre hausten 2022. Kommunen har og fire mobile sykklar som heimetenesta brukar i si teneste i samarbeid med fysioterapeuten. Dette er eit populært tiltak blant dei aktuelle brukarane. Frå april 2022 er Masfjorden kommune med i læringsnettverket «Gode pasientforløp». Kommunefysioterapeuten er ein av deltakarane frå Masfjorden.

#### Fysioterapeut med driftsavtale

I perioden januar – september 2022 hadde fysioterapeut Gro Serine Baarøy foreldrepermisjon. Fysioterapeut Mathias Stangeland arbeidde då som vikar, til Gro Serine var attende i arbeid oktober 2022.

Fysioterapeuten med driftsavtale heldt til i 2. etasje i Fensfjordbygget, med eit godt utstyrt lokale der ho tilbyr fysioterapi til i hovudsak unge og vaksne frå 16 – 90 år. Her kan ein få hjelp til mellom anna opptrening etter skadar eller operasjonar, behandling av ulike smerteplager, balansevanskar, redusert fysisk funksjonsevne, svangerskapsrelaterte plager, eller psykosomatiske plager og rehabilitering ved langvarige og samansette helseplager.

Samlokalisering med legekantoret, helsestasjonen psykisk helseteneste, heimeteneste, forvatningskontor og NAV gjer at det ligg godt til rette for tett tverrfagleg samarbeid. Gro Serine har òg

tett samarbeid med kommunefysioterapeut Lene. Dei fordeler pasientar utifrå retningslinjer dei har einast om.

#### Legetenesta

Legekantoret har tre kommunalt tilsette fastlegar, Rolf Martin Tande, Rolf Magnus Sleire og Willy Davidsen Raa. Dei har alle spesialitet i allmenmedisin. Tande er kommuneoverlege og smittevernlege, Sleire er tilsynslege ved Masfjorden sjukeheim og Davidsen Raa har ansvar for helsestasjon.

Davidsen Raa avslutta sitt arbeidstilhøve hjå Masfjorden legekantoret i april 2022. På grunn av fastlegekrise i Norge, har ein ikkje



fått tilsett ny lege i stillinga dette året. Dette har ført til auka belastning på legekantoret, og ventetida på timar som ikkje hastar har vore lenger for innbyggjarane.

I mangel på lege har me sidan oktober nytta vikarbyrå. Det har vore dyktige legar frå Danmark. Dette har ført til mindre belastning og betre tilgjengelegheit på legetimar.

*Me takkar Willy Davidsen Raa for den gode innsatsen han har gjort ved legekantoret, og for Masfjorden kommune.*

Som ein del av drifta ved legekantoret har me også turnuslegar. Gjennom året har me hatt to turnuslegar som har vore seks månader kvar. I tillegg har me hatt to legestudentar i seks veker kvar. Eit viktig tiltak med tanke på rekruttering av legar til kommunen og fastlegeyrket, er å tilby turnuslegar og studentar praksis hjå oss. Dette er også lærerikt og fagleg utviklande for legekantoret.



Av hjelpepersonell er me tre tilsette; ein helsesekretær, ein bioingeniør, og ein sjukepleiar som tok over for Malin Daae Steine, som avslutta sitt arbeidstilhøve ved Masfjorden legekantoret i desember 2021. Gjennom 2022 har dette utgjort tre årsverk.

*Me takkar Malin Daae Steine for den gode innsatsen ho har gjort ved legekantoret og for Masfjorden kommune.*

#### Tenester

I hovudsak utfører legetenesta allmenmedisinske tenester i form av avtalte konsultasjonar. Legekantoret har også legevakt i kommunen på dagtid kvardagar, og tek imot pasientar med behov for akutt hjelp. Dette inneber at legen kan få uforutsette akutte oppdrag som må løysast i mellom konsultasjonar, både på lege-

kontoret, eller at legen rykker ut på oppdrag. På kveld, natt og helg får Masfjorden kommune sine innbyggjarar legevaktstenester ved Nordhordland legevakt i Knarvik. Me kan også nytte deira teneste på dagtid dersom det er behov, eller det av medisinske årsaker er mest føremålstenleg at pasienten reiser direkte mot legevakt og Bergen.

Fastlegen er ofte pasienten sin første kontakt inn mot helse-tenestene, og er viktig i koordinering av pasientens behov for medisinske tenester. Fastlegen er også sentral i samarbeidet med andre kommunale tenester, og deltek i tverrfaglege møte med tenester som NAV, psykiatritenesta, helsesjukepleiar, fysioterapeut og pleie- og omsorg. Samhandlingsreforma har gjort at fastlegen sine oppgåver har vorte meir omfattande. Spesialisthelsetenesta overlet no eit større behandlings- og oppfølgingsansvar til kommunane. Når ein har tre legar ved legekantoret, har Masfjorden kommune hatt tilgjengelege legeressursar til desse oppgåvene. Men med mangel av lege har det vore utfordrande å utføre alle oppgåver, og prioriteringa har vore annleis.

### Fag og kompetanseheving

I haust har alle ved legekantoret, helsestasjon og psykisk helse deltatt på Vivat kurs. Førstehjelp ved sjølvmoordsfare. Eit kurs som kan gi kunnskap om sjølvmoords åtferd og korleis utøve best mogleg hjelp i slike situasjonar.

Legar og hjelpepersonell ved legekantoret har også deltatt på felles akuttkurs ved Helsehuset i Knarvik. Det er eit krav for helsepersonell som arbeider ved legevakt. Eit nyttig og samlande kurs for alle på legekantoret.

### Økonomi

I 2022 er det eit meirforbruk på legetenesta. Dette grunna legemangelen, og ingen som har fylt stillinga som var ledig i løpet av året. Me måtte nytte vikarbyrå for å dekke dette, og kostnaden vart litt større enn det me sparte av lønnsmidlar dei månadane me ikkje hadde lege i stillinga. Det har vore, og vil i åra som kjem, vere naudsynt å ha fokus på rekruttering, difor har legekantoret to legar under utdanning, ein ALIS-lege og ein LIS1 lege. Det er også strengare krav til rettleiing og opplæring av legar under utdanning, som krev at våre fastlegar også er tilgjengeleg for dei.

### Ergoterapi/Hjelpemiddelenesta 2022

2022 har vore prega av sjukdom i avdelinga og det har vore mindre aktivitet og lengre ventetid for mottakarar av tenesta. Det har vore tilsett vikar i ein kortare periode, men det har vore få interesserte i vikarstilling. Ergoterapitenesta i Masfjorden består av ein ergoterapeut i 70% stilling som har ansvar for ergoterapitilbodet og hovudansvar for hjelpemiddelformidling i kommunen både frå korttidslager og samarbeid med langtidsutlån frå NAV hjelpemiddelsenstasentral Vestland. Ergoterapitenesta har kontor i kjellaren på sjukeheimen og jobbar måndag, tysdag og onsdag kvar veke, og torsdag annakvar veke. Ergoterapistillinga er lagt under helseavdelinga.

### Oppgåver som ergoterapeuten ivaretar er blant anna:

- Vurdere behov for hjelpemiddel hjå brukarar som vert tilvist tenesta
- Vurdere funksjon i aktivitet og setja igang tiltak tilpassa den einskilde brukar ut frå brukaren sine personlege mål
- Bistå i vurdering, utprøving, bestilling og søknad på hjelpemiddel gjennom NAV
- Utlån av hjelpemiddel frå korttidslager
- Reparasjon og tinging av delar til hjelpemiddel saman med teknisk avdeling
- Vere tilgjengeleg for Masfjorden sjukeheim sine brukarar når det gjeld hjelpemiddel i det daglege, ved utreise, formidling av hjelpemiddel og trening ved behov
- Kurs, særskilt i regi av NAV
- Kartlegging og rådgjeving i nye omsorgsbustader
- Rådgjevar i ulike saker som har med funksjonsutfordringar
- Delta i hukommelsesteamet, og bistå der med utgreiing av hukommelsessvansker, hjelpemidlar for hukommelsessvikt og rådgje om aktivitetar i det daglege.

### Brukargrupper som har fått tilbod om ergoterapi i 2022

- Barn med behov for tilrettelegging, hjelpemiddel eller trening/oppfølging der ein ser utfordringar i dagleg aktivitet
- Eldre heimebuande med eller utan hjelp frå heimetenestene
- Palliative pasientar
- Alvorleg skadde, eller personar med brått oppstått sjukdom som medfører nedsett funksjonsevne der oppfølging, trening, hjelpemiddel eller boligendring er avgjerande
- Personar med behov for livslang oppfølging når det gjeld trening/hjelpemiddel
- Høyrselshemma
- Synshemma
- Personar med hukommelsessvansker, der det er mistanke om kognitiv svikt, og som har behov for kartlegging og vurdering av hjelpetiltak i det daglege

### Samarbeidspartnarar kommunalt og statleg

Hjelpemiddelenesta samarbeider med teknisk avdeling og heimetenestene, legetenesta, skule, barnehage og Masfjorden sjukeheim. Teknisk avdeling bistår ergoterapeuten med feilsøking av hjelpemiddel, montering, reparasjonar og vedlikehald av tekniske hjelpemiddel. Representantar frå heimetenesta bestiller no digitalt hjelpemiddel frå NAV. Dei er flinke til å vurdere og låne ut korttidshjelpemidlar til brukarar i si teneste. Saman ynskjer vi å finne dei beste løysingane for innbyggjarane, slik at dei kan ha ein trygg og aktiv kvardag.

NAV Hjelpemiddelsenstasentralen i Vestland, avdeling Bergen er ein viktig samarbeidspartnar og legg føringar for korleis hjelpemiddelformidlinga skal gå føre seg både statleg og kommunalt. Mykje av ergoterapeuten sitt arbeid går ut på å gje råd og rettleiing til innbyggjarane med å søkje NAV Hjelpemiddelsenstasentral om ulike hjelpemiddel til bruk i kvardagen heime eller på skule. Det er ofte naudsynt å ta kontakt med NAV for rettleiing når det gjeld løysingar og kva for hjelpemiddel ein skal velje. Då er det viktig med ein godt gjennomført kartleggingsprosess av brukar og omgjevnadar, då det er til den einskilde brukar og i deira omgjevnadar hjelpemiddelet skal nyttast. Det er viktig at brukaren får vere med å bestemme for at hjelpemiddelet skal fungere best mogleg.

**Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT)** er ei interkommunal teneste som heldt til under Bergen kommune. Bergen og omkringliggjande kommunar finansierer denne tenesta som består av syns- og audiopedagogar. Tenesta tek imot brukarar på kontora i Bergen, eller reiser på heimebesøk til innbyggjarar som ikkje har moglegheit til å reise til Bergen, for vurdering av hjelpemiddel. Som ergoterapeut har eg ikkje løyve til å søke om synshjelpemiddel og berre eit utvalg av høyrselshjelpemiddel. Difor henviser eg mange til denne tenesta.

### Student i Praxis

Også våren 2022 var det utplassert ergoterapistudent frå første året på ergoterapiutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet i praksis i Masfjorden kommune, med ergoterapeuten som rettleiar.

### Teneste for psykisk helse og rus

Masfjorden psykiske helseteneste gjev tilbod til brukarar i alle aldersgrupper og deira næraste.

Psykisk helse har 1,8 årsverk. Fagleiar psykisk helse og rus-/spesialsjukepleier Dag Haarklau i 100% stilling og sjukepleiar Monica Rongved i 80% stilling.

Dag Haarklau, som me har vore så heldige å hatt i avdelinga i ei årrekke, gjekk av med pensjon 23. desember 2022. *Me takkar han for eit godt samarbeid og ønskjer han lykke til vidare.*

Monica Rongved har fullført vidareutdanning ved sida/i jobben. Frå 01.07.22 har sjukepleiar Monica Rongved jobba som spesial-sjukepleier i 80 % stilling.

Kommunepsykologstillinga har vore lyst ut, utan at ein har fått søkjarar. Ein jobbar vidare med eit prosjekt for å rekruttere og halda på psykolog i kommunen. Dette er no eit interkommunalt prosjekt.

### Informasjon

På heimesida til Masfjorden kommunen er det lagt ut informasjon om det kommunale psykiske helsetilbodet; Kva me gjer og korleis kome i kontakt med oss. Det er understreka at dette skal vere eit lågterskel og gratis tilbod. Her er og eit skjema ein kan nytte dersom ein ønskjer å sende skriftleg førespurnad.

### Lokale

Psykisk helseteneste held til på Fensfjordbygg 2. etg. Elles har vi tilgang på eit kontor/møterom i kommunehuset på Sandnes og i brakkebygget på Matre, 2. etg.

Dei fleste brukarane reiser me heim til, enten det er av praktiske grunnar (har ikkje bil eller skyss) eller fordi tilstanden deira

tilseier at det er det beste. Å møte brukarane på heimebane kan i mange tilfelle vera nyttig. Me går og turar med brukarar.

### Brukarane

Psykisk helseteneste har kontakt med brukarar og pårørande der problematikken er av svært ulik alvorsgrad og omfang. Me har kontakt med menneske med lettare psykiske lidingar, livskriser, familiekonfliktar, samansette vanskar, sorg, trauma, rusproblem og tung psykiatri med meir. Tenesta arbeider såleis både med kartlegging, behandling av kortare varigheit, henvisning til spesialisthelseteneste og langtidsoppfølging av meir alvorleg problematikk.

Som tidlegare år, har ein også i år, støtta med praktisk hjelp i samband med flytting, innkjøp av klede og mat, kjøring og følge til helsetenester og anna, i enkelte saker.

Det er framleis flest vaksne, som sjølv kontaktar, eller vert sett i kontakt med psykisk helseteneste, men både Nav, barnevern, helsesøster og lege er gjerne kontaktledd .

### Tverrfagleg arbeid

Psykisk helseteneste jobbar tverrfagleg med pleie og omsorg, lege, barnevern, helsesjukepleiar og kriseteam i eigen kommune. Ein jobbar óg tverrfagleg med spesialisthelsetenesta; Voksenpsykiatrisk Poliklinikk (DPS) og Barne og Ungdomspsykiatrisk Poliklinikk (BUP).

Ein jobbar og interkommunalt i Fagråd for psykisk helse og rus med samling ca. annankvar månad. Her er alle kommunane i region Nordhordland representert.

### Prosjekt

Psykisk helse har starta opp tiltak med bassengtrening i Modalen ein gong i veka for brukarar. Ein har fått ein god avtale med Modalen kommune. Vatnet i bassenget heldt god varme, noko som er gunstig for ein del av desse brukarane. Brukarar som ikkje har tenester frå Psykisk helse, har og kunne delta. Dette tiltaket har inn i mellom ikkje kunne blitt gjennomført, av praktiske grunner. Men blir gjennomført når me ser at det lar seg gjere og når ein har personalressursar til det.

Psykisk Helse deltek og i prosjekt «Trening for alle». Dette blir drive i samarbeid med kommunefysioterapeuten. Her har ein tilbod om ein morgontur/-trening ein gong i veka for kvart bygdelag.

## PLEIE OG OMSORG

### Sjukeheimen

Sjukeheimen har totalt 31 rom med bad. Me har arbeidsstove/fellesstove som er open alle kvardagar (med unntak av pandemistenging). På arbeidsstova/fellesstova er det også dagtilbod for heimebuande som treng dagtilbod og fellesskap. Sjukeheimen yter tenester til pasientar innan psykiatri, demens, rehabilitering, kreft, omsorg ved livets slutt og andre medisinske sjukdommar.

Mål for 2022 er å vere ivaretek heile mennesket ved å gje god medisinsk behandling og meningsfylte kvardagar. Me ynskjer å yte gode individuelle tenester og service til både bebuar og pårørende. Det skal også vere ein god arbeidsplass for tilsette med eit godt arbeidsmiljø, godt samarbeid og fagleg utvikling.

2022 har vore eit spesielt år for oss, som 2021 også var. Covid-pandemien slapp ikkje heilt taket og har prega -22 i periodar. Det har ikkje fått like stor innverknad på kvardagen som i starten av pandemien, men det har vore utfordrande til tider. Me har forsøkt å ha så normal drift som mogeleg.

Marit Andersen Nesse leiar for sjukeheimen har hatt permisjon frå januar til og med august. Tina Korsøen Fjellby, assisterande leiar var konstituert leiar i den perioden, og Frida Eide var konstituert assisterande leiar. Frå september kom Marit A. Nesse att, og i oktober starta Tonje Romarheim som assisterande leiar.

### Økonomi

I budsjettet er det eit overforbruk på sjukevikar, pga. overtid og vikarbyrå, grunna mangel på vikarar

Me har i periodar inne to personar frå vikarbyrå, for å halde oppe normal drift og ferieavvikling. Første del av 2022 forsøkte ein å gå mindre personal ved enkelte avdelingar og minimere vikarbruken. Pasientbelegget har auka jamnt i løpet av året, og overtidsbruken auka spesielt frå sommaren då ferieavviklinga tok til.

Mange av dei, med allereie høge stillingsprosentar, har stått på ekstra slik at pasientane skulle ha det trygt og godt, og kjenne seg ivaretatt.


Vikarbyrå kostar meir enn faste tilsettingar, og det har difor bidrege til høge utgifter.

### Personalstatus


Ved årets slutt var det 9 sjukepleiarar, 21 fagarbeidarar, 9 assistentar og 1 lærling. I tillegg har me hatt nokre vikariat på ulik storleik og lengde. I eit kvinnedominert yrke er me heldige som har to menn i faste stillingar. I tillegg har me to merkantile (kontormedarbeidarar) og ein aktivtør på arbeidsstova. Me har godt samarbeid med fysioterapeut, lege, heimetenestene og hjelpemiddelavdeling.

### Året 2022 på sjukeheimen

I 2022 har me hatt fokus på smittevern og rekruttering. Me er i lag med mange av landets kommunar komme dit at me må tenkje nytt, og sjå oss om etter gode løysingar for å behalde og rekruttere fagpersonell. Me er med i prosjektet TØRN – som skal sjå på



Netto driftsutgifter pr innb. i kr helse- og omsorgstenesta



moglegheiter for omstrukturering, rett ressurs- og tidsbruk, slik at ein er rusta for framtida.

Me har gjennomført to vernerundar, den første med fokus på fysisk miljø og den andre med fokus på psykososialt miljø.

Me har gjennom heile året hatt fokus på god omsorg og fagleg forsvarlege tenester. I år har me atter kunna gjennomføre arrangement me har hatt tradisjon for å avhalde og det har gjort godt med liv og røre på sjukeheimen att. Me har hatt forestillingar, delteke på Motitec sitt arrangement «Sykkel VM for eldre», bakedagar, andakt, skulen og barnehagen har sunge, og me har fått peparkakehus frå barnehagen og ete graut med dei m.m. I tillegg hadde me julelunsj for brukarar av dagtilbod, bebuarar og for tilsette.

## Vaskeri og reinhald

### Personalstatus

På vaskeri og reinhald har me eit årsverk på 3,1 fordelt på fire personar.

### Mål

På vaskeri og reinhald ønskjer me å yte gode reinhalds-tenester for bebuarar, pårørande/besøkande og dei tilsette på sjukeheimen.

### Oppgåveløysing

På vaskeriet utfører me vask og av privat og felles tøy til bebuarane, dukar og gardiner til huset, arbeidsklede til personalet på sjukeheimen, heimetenestene og legekonto- ret. Me utfører også mindre vaskerioppdrag for privatper-soner og småbedrifter. Me ordnar med merking av bebu- arane sine privatklede, og mindre reperasjonar av tøyet.

Reinhaldarane jobbar etter ein reinhaldsplan som er fast- lagt for heile sjukeheimsbygget, som inneber alt frå dagleg reinhald til periodisk reinhald og vedlikehald. Me har også ansvar for reinhaldet på Masfjorden bu- og Aktivitetssen- ter.

I 2022 har fleire av dei faste tilsette enten vore sjukemeldt eller i permisjon. I mangel på vikarar, har me i periodar måtte operert med mindre bemanning enn det som er tiltenkt. Me har då måtte redusere på det periodiske reinhaldet, og vri litt om på det daglege reinhaldet for å få jobben gjort. Personalet har vore positive og fleksible i denne tida, og gjort ein kjempejobb.

Teneste i pleie- og omsorg	Tal på brukarar som har mottatt teneste i 2022
Praktisk bistand	63
Helsetenester i heimen	111
Dagsenter	20
Matombringing	56
Tryggleiksalarm	60
Lokaliseringsteknologo GPS	10
Elektronisk medisindispenser	7
Digitalt tilsyn	6
Støttekontakt	15
Avlasting i institusjon	6
Avlasting utanfor institusjon	7
<b>Sjukeheimen</b>	<b>Tal på opphald i 2022</b>
Kortidsopphald	65
Langtidsopphald	30
Dødsfall	12
<b>Omsorgsbustadar</b>	
Utleige	32
Ledige	3

### Økonomi

Økonomisk har avdelinga hatt ei overskriving på nesten 170 000 kr. Hovudårsaken er at det er budsjettert for lite til Pensjonstrekk i KLP.

## HEIMETENESTA

### Organisering

Heimetenesta vert administrert og drifta som ei avdeling i kommunen. I tillegg blir Masfjorden bu- og aktivitetssenter drifta under heimetenesta.

Leiarteamet for heimetenestene består av ein leiar med overordna ansvar og ein assisterande leiar, i tillegg til ein fagleiar i kvar sone.

Heimetenesta vert drifta utifrå ein felles turnus og arbeidsplan for organisering av tildelte tenester. Organiseringa medverkar til at ein har betre oversikt over dei ressursane ein har, slik at ein får ei meir heilskapleg teneste i kom- munen, som ivaretek brukarane sine behov med tanke på rett kompetanse på rett plass. Dette medverkar også til ei betre økonomisk effektiv drift.

### Tildeling av tenester

Søknader på tenester vert handsama på Forvaltningskontoret for Helse- og omsorg i samråd med leiarteam- et. Søknader eller saker som gjeld institusjonsopphald, omsorgsbustadar, eller tiltak ved utskrivning frå sjukeheim, eller sjukehus vert handsama tverrfagleg i tiltaksrådet. Heimetenesta utfører tenester i heimen i samsvar med

vedtak etter søknader og utifrå behovet til den einskilde til ei kvar tid. Tenestene omfattar hel- sehjelp i heimen, praktisk bistand, matombringing og ulike velferdsteknologiske løysingar, blant anna GPS, elektronisk medisinerings- støtte, ulik sensorteknologi knytt til tryggleiksalarm og Komp pro, som er eit kommunikasjonsverktøy for personale, brukarar og familiane deira. Heimtene- sta bruker robotstøvsugarar som bistår personalet ved praktisk bistand. Heimetenestene har i tillegg ansvar for drift av omsorgsbustadane.



### Overordna mål for tenesta

Alle skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer, og det er fagleg forsvar- leg. Det er viktig at alle skal kjenne seg trygge og oppleve ein aktiv og meningsfull kvardag.



For å nå desse måla har heimetenesta arbeidd med følgjande:

- Førebygge, tilrettelegge og tildele tenester og tiltak utifrå individuelle behov til ei kvar tid.
- Tilby og skaffa naudsynte hjelpemidlar i heimen.
- Tilby middagslevering frå sjukeheimen til heile kommunen.
- Legge til rette for dagtilbod og aktivisering med transportordning.
- Trening med Motitech-sykkel og førebyggjande trening i samråd med fysioterapeut.
- Førebyggjande heimebesøk til alle det året dei fyller 80 år (vart ikkje gjennomført i 2022).
- Tilbod om heimetrening for kvardagshelse.

### Økonomi, tenester og drift

Det har vore eit utfordrande år for å halde oppe grunnbemanninga slik ein ynskjer. Stor utfordring med å få tak i vikarar, spesielt om sommaren. Ein treng fagleg kompetanse som er spesielt utfordrande å dekke om sommaren. Dette har igjen medført bruk av mykje overtid for å dekke inn behov. I tillegg har heimetenesta inn i mellom hjelpt til på sjukeheimen. Tilpassing av drift i forhold til behov og flyt av personalet i avdelinga, har medverka til at ein har fått drifta til å gå. Likevel har det i periodar vore belastande for dei som er på jobb, at ein går underbemanna med mangel på fagleg kompetanse. Ein del leiarressursar har gått til å drifte Masfjorden bu- og aktivitetssenter.

Samanlikna med året før, har fleire tatt i mot tilbod om dagsenter og matombringning frå sjukeheimen. Ved å setta inn tiltak i heimane, ser ein ein auke i tal vedtakstimer. Ein satsar på førebygging og utprøving av tenester i heimen før det vert innvilga fast sjukeheims plass.

Heimetenesta drifrar ti arbeidsbilar. Tre av desse vert leasa og resten er utkjøpte.



Det har vore litt kostnader på oppussing av omsorgsbustader før ny utleige. Det har vore mindre husleigeinntekter på grunn av ledige bustader.

Hausten 2022 har vore uvanleg travel på grunn av opplæring og førebuing sidan me gjekk over til nytt journalsystem fra januar 2023. Alle tilsette skulle få opplæring på kort tid. Difor vart mykje ressursar sett i verk, noko som igjen har gått ut over andre tenester. Heldigvis fekk me tak i nokre nye flinke vikarar, som kunne hjelpe oss ute i drift. Men mykje er blitt satt på vent likevel.

Hausten flytta sone Indrefjorden kontorlokale fra Haugsvær til kontorbygget i 2 etg i Grupa på Matre.

### Personalstatus

I heimetenesta er det tilsett spesialsjukepleiarar (lindrande behandling og tverrfagleg rehabilitering), sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar. Me har tilsett ein vikar som fungerer som reinhaldar i ca 40 % stilling. Denne vikaren tek mange av reinhaldsoppdrag knytt til praktisk bistand. I tillegg arbeider ein assistent med å hente brukarar til og frå dagsenter, og hjelper elles til med praktisk bistand. Dette gjer at me kan nytte fagkompetansen vår til meir relevante helseoppdrag. 40% er knytt opp mot drift av velferdsteknologi i kommunen. Det er Åse Elin Solheim som er ressursperson og har ansvar for dette. I tillegg har Åse Elin hatt ansvar for oppfølging av prosjektet Digital utanforskap, der det har vore arrangert temadagar i alle tre delar av kommunen. Her har målet vore å tilby hjelp til å auke den digitale kompetanse for dei som har behov for det. Elles har alle ulike stillingsstorleikar som til saman utgjer omlag 22 årsverk. Forvaltningstenesta ligg under heimetenesta. Den utgjer ei 100 % stilling og merkantil personal i 50 %.

Me har eit godt tverrfagleg samarbeid med psykisk helse, sjukeheimen, fysioterapeut, ergoterapeut, legekantor og teknisk avdeling.

### Hukommelsesteam

September 2021 blei det etablert eit hukommelsesteam. Arbeid med å utarbeida ein demensplan vart starta og vart tatt til vitring i kommunestyret juni 22. Til dagleg er det Hildegunn Bjånes, Torill Areklett og Ida Tangedal som jobber i teamet. Dei jobber i hovudsak med kartlegging og oppfølging vidare, i tillegg til koordinering av ABC demens opplæring for dei tilsette.



### Kompetansehevande tiltak

Det har vore lite tid til kompetansehevande tiltak. To sjukepleiarar har fått deltatt på sårkurs. Ein sjukepleiar har starta på leiarutdanning. Fire tilsette starta på Demensomsorgens ABC, som er eit kompetansehevande tiltak innan demensomsorg. Mange tilsette saknar rom for meir tid til fagleg påfyll. Det er på sikt viktig å få til eit system, der ein sikrar meir fagleg undervisning og oppdatering på prosedyrer og internsystem. Habiliteringstenesta har vore ute på besøk og hatt fagdagar med oss.

### Aktivitetstilbod

Fleire av brukarane våre har nytta seg av dagtilbod på sjukeheimen. I tillegg har enkelte pasientar hatt dagtilbod utanfor sjukeheimen, der ein ved særskilde behov har gitt eit meir tilrettelagt tilbod. I løpet av året fekk ein endeleg starta opp att Seniortreff på Sandnes og treff på Helselagsbua v/butikken på Haugsvær i samarbeid med frivillige.

### Omsorgsbustader

Heimtenesta har ansvar for drift av 26 omsorgsbustader fordelt på: Sandnes: 5 bustadar, ingen ledig. Matre: 4 bustader, ingen ledig. Haugsvær: 5 bustader. 1 ledig (denne vart nytta som koronaleilighet). Nordbygda: 11 bustader og 1 hybelleilighet. 2 er ledig. Ei leilighet er under oppussing.

## MASFJORDEN BU- OG AKTIVITETSSENTER

Masfjorden bu- og aktivitetssenter vert drifta av heimetenesta, men har eigen turnus med heildøgns drift. Her arbeider dei tilsette langvakte på inntil 14 timar. I tillegg tilbyr ein avlastning og fritidstilbod for barn og unge med særskilde behov og funksjonsnedsettingar.

### Personale

Det er no 20 tilsette i ulike stillingsstorleikar og 1 lærling, som til saman utgjer ca 14 årsverk. Mange av stillingane er helgestillingar. Det er ein fagleg ansvarleg leiar og ein koordinator. Me hatt eit utfordrande år med høgt sjukefråvær, og mykje bruk av overtid pga at det er ein del vakante vakter og vanskeleg å få ta i vikarar.

### Aktivitetssenter

Kvar tysdag og torsdag har me aktivitetssenter der me produserer alt frå tennbrikettar, såpe, badesalt, fuglekassar m.m.

I løpet av hausten 2022 har me fått ferdig sanserom og treningsrom som er til stor glede for brukarane våre. I løpet av 2023 håpar me på å få utvikla eit kvitt rom, eit svart rom og eit blått rom. Me har i tillegg eit felles dagtilbod måndag og fredag på Einekavane. Dette er eit samarbeid mellom Einekavane og kommunen. Her tilbyr ein musikkterapitimar og andre fellesaktivitetar for gruppa i eit tilrettelagt miljø på Matre.

Tilbodet om bassengterapi i Modalen fekk me starta opp igjen med rett før sommaren. Me arbeider for at brukarane med tilrettelagte dagtilbod skal få ein variert kvardag med arbeidspraksis i bedrifter i

nærmiljøet, ADL-trening, dataopplæring, musikkopplæring, vaksenopplæring, fysisk aktivitet og sosial trening. Me har som mål å tilretteleggja, og tilpassa miljøet og gje brukarane ein trygg, forutsigbar og meningsfylt kvardag. Uteområdet har me jobba litt med. Me var så heldige at me fekk flaggstong på plass, steiketakke, bålpanna og masse jord til å laga plen.

I Juni vart det storfest og opning av bygget vårt av ordførar Karstein Totland. Det vart snorklipping og me fekk trampoline i gåve. Ordføraren var den første til å innvia denne.



*I september fekk me storfint besøk av Erna Solberg og fleire politikarar. Dette var stas for alle og det vart musikkinnslag ilag med Jon Martin Skauge.*

Me hadde felles julebord for brukarar med pårørande i desember. Me har hatt eit innhaldsrikt og kjekt år med mykje feiring og besøk .



*Flagget til topps for tidlegare statsminister, Erna Solberg og bebuarane på Masfjorden bu- og aktivitetssenter*



## Kultur

Desse hovudoppgåvene/tenestene høyrer heime under kultur: Folkebiblioteket, Den kulturelle skulesekken, idrettsskule, kulturskule, museum, idrettsbaner/anlegg og symjebasseng, anleggs- og driftsstøtte til idrettslag, planarbeid ( idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet – spelemidlar- nærmiljønalegg- kulturminne), Den kulturelle spaserstokken/kulturtilbod for eldre, kulturvern, støtte til frivillige lag, kulturmidlar, kultur/lags- og arrangementskontakt. Budsjettet for kulturområdet var for 2022 kr 6 825 000. Til saman 6,2 årsverk.

Dei største summene går til kulturskulen, kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, folkebibliotek og museum.

### Tilskot til frivillige lag og bedrifter

Det vart i 2022 betalt ut kr 145 000 i ordinære kulturmidlar til 26 lag og organisasjonar.

På Kraftfondet sitt budsjett var det i 2022 sett av kr 100 000 til kulturtiltak der både lag og bedrifter kunne søkja. 6 tiltak fekk tilskot i storleik kr 5 000-44 000.

### Museum og Sommarscena

Størstedelen av museumsbudsjettet vert nytta til Bjørn West-museet. Kommunen har avtale med Museum Vest om dagleg drift av museet, og der Masfjorden kommune yter årleg tilskot. Kommunen har ansvar for Sleire skulemuseum, Kvamsdals fargerier og nothuset. Fargeriet var ope i helgene i sommarsesongen i samband med utstilling. Skulemuseet og nothuset var berre ope etter avtale.



På skulemuseet vart det gjennom året gjort oppgradering av tilkomst og uthus/uteområde/parkering. Inne vart det rydda i sjølve museumssamlinga. Sleire grendalag og pensjonerte skulefolk har lagt ned ein imponerende stor dugnadsinnsats, og desse vart heidra for at muséet no framstår ryddig og innbydande, med ei informativ og variert utstilling. 1.oktober vart det invitert til nyopning. Skulestova var fylt til randen, og alle dei frammøtte fekk servert eit variert kulturprogram. Det vanka mange godord om kor fint skulemuseet var blitt og kor interessant det var å gå frå rom til rom i utstillinga, og i uthuset. Og kor kjekt det var å ha ei slik intim kulturoppleving i eit slikt bygg.

Sommarscena gjennomførte eit program med til saman 11 kulturarrangement i tida juni-september. Publikum fekk oppleve utstilling i fargeriet med utstillar Arne Kästel, og fleire kulturarrangement i samband med utstillingane. Anne Hvidsten hadde ein flott konsert i samband med Bjørn West-marsjen, og i Solheim

kyrkje inviterte ein til konserten «Bøn for fred» kvelden før, der dei ukrainske flyktingane var særleg inviterte. På Sandneskaféen vart det mellom anna servert kulturprogram med Kvitanesen, Kving& Queens og messingensemble frå Manger musikklag. Sandneskaféen har dei seks siste åra vore ein sær god samarbeidspart for den kommunale kulturavdelinga i arbeidet med å tilrettelegga varierte kulturtilbod til innbyggjarane våre, og det er trist at denne kulturkaféen vart lagt ned ved årsslutt. Masfjorden kommune takkar for samarbeidet.

### Bunadsgåve

Etterkomarane etter Aslaug Molland Takvam overrekte i mai ei raus bunadsgåve til kommunen.

Aslaug la ned eit stort arbeid med rekonstruksjon av Masfjordbunaden.

Samlinga omfattar trøyer, liv, bringedukar, skjorter, forkle, hovudplagg, strømpar, band mm. Målet er å få stilt ut objekta i 2023.

### Minnemarkeringar

Kulturavdelinga i kommunen sytte som vanleg for lyd og kulturinnslag ved innkkomsten av Bjørn West-marsjen. Denne gongen var det Anne Hvidsten med band, og Torbjørn Sæle som sto for sjølve kulturprogrammet.

### Kulturvern

Det var for 2022 sett av kr 70 000 til tiltak. Det er gledeleg å sjå korleis tiltaka kommunen har ytt tilskot til dei siste åra har blitt realiserte gjennom at grunneigarar har teke vare på bygningar og kulturmiljø.

1 2022 var det tre søkjarar som fekk tildelt kommunale kulturvernmidlar.

- Restaurering Kvinge sag og mølle
- Restaurering av husmannsplass, Sleirsholmen
- Istandsetjing av renne/sløk til kvernhus, Kvingo

Kulturminneplanen for Masfjorden er ein viktig reiskap og rettesnor når midlar skal tildelast.

I samarbeid med kulturverntenesta i Nordhordland og deira bygningsvernskonsulent vurderer ein søknader og ser etter andre instansar der det kan søkjast midlar. I år resulterte det i til saman kr 50 000 i fylkeskommunalt tilskot til dei to førstnemnde tiltaka.

### Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken i Masfjorden fekk etter søknad kr 43 626 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Midlane vart nytta til 11 tiltak, mellom anna Eldredagen, vårfest for eldre og arrangement på sjukeheimen og seniorsamlingar.





### Kulturprisen 2022

Masfjorden kommune sin kulturpris for 2022 vart tildelt Alf og Anke Helland for det unike arbeidet med restaurering av Giardoni-rifla. Prisen vart delt ut på Sandneskaféen i samband med kommunestyret sin sommarlunsj.



### Ungdommens kulturmonstring

UKM vart arrangert på Sæbø skule, med flotte sceneinnslag frå Masfjorden. Johanne Einestrånd (song) og Isak Thorsheim Kvinge (piano og song) vart vald ut til å representera Nordhordland på fylkesmonstringa på Voss, og Isak fekk deretter æra av å representera Vestland fylke på landsfestivalen i Stjørdal siste veka i juni.

### Spelemidlar, nærmiljøanlegg og kulturbygg

Masfjorden kommune har utarbeidd Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024. Planen vert rullert kvart år. Det vert søkt spelemidlar til prioriterte tiltak i handlingsplanen.

I 2022 fekk Skjelsundet Vel kr 600 000 til nærmiljøanlegg, og det

vart utbetalt kr 407 000 til Dagsturhytta. Det vart i januar sendt inn to nye søknader på tiltak:

- Universell tilkomst dagsturhytta
- Flomlysanlegg, Nordbygda sentralbaneanlegg

Begge desse søknadane er godkjende, men grunna for låg tildelingsramme hjå Vestland fylkeskommune fekk ingen av søknadane tilskot dette året. Søknadane vert vurdert på nytt i 2023. For tida er det eit etterslep på inntil fire år for å få tildelt spelemidlar.

På slutten av året vart det arbeid med å få sendt inn ytterlegare tre søknader på spelemidlar for 2023.

Nordbygda samfunnshus fekk tildelt del 2 av midlar til restaurering i kategorien «Spelemidlar til kulturbygg», kr 425 000, slik at dei no har fått utbetalt samla tilskot på kr 850 000. Midlane har blitt nytta til oppgradering av bygget; tak, toalettanlegg og kjøkken.

Solheim grendahus har søkt midlar til restaurering. Også her er søknaden godkjend, men på vent grunna for låg tildelingsramme i 2022.

Arbeid med spelemiddelsøknader og søknadsprosessen kan vera krevjande. Likevel er slike tilskot heilt avgjerande for å kunne gjennomføra lokale tiltak på dei aktuelle områda.

### Idrettsanlegg

Idrettslaga er sentrale i vedlikehald og drift av idrettsanlegga i kommunen.

I 2022 vart tilkomsten til idrettsbana på Hosteland utbetra, med breiare veg, parkeringsplass og traktorveg på utsida av bane-gjerdet. Det vart også sett opp nytt lysanlegg.

Turvegen som Nordbygda pensjonistlag fekk opparbeidd ved idrettsbana er flittig brukt. Dette viser behovet for turveggar som er lette å ta seg fram til, og fram på.



### Dagsturhytta

Dagsturhytta har blitt eit kjærkome turmål, og hytta har hatt over 10 000 besøk sidan opning. Dette viser tydeleg behovet for tilrettelegging av attraktive tur- og lågterskeltilbod i kommunen vår. Det er gledeleg å sjå at hytta har blitt teken i bruk av så mange og at lag og organisasjonar, turlag, skular, barnehagar, konfirmantar, bibliotek legg aktivitetar, arrangement og samlingar til hytta og området rundt.

I 2022 haldt arbeidet fram med opparbeiding av tilkomst for rullestolbrukarar og andre som har vanskar med å ferdast ute i terrenget. Ein vonar at anlegget skal stå ferdig våren 2023.

### Plan for friluftslivet sine ferdselsårer

Idrettslaga, grunneigarar, friluftinteresserte og andre, har i samarbeid med kommunen gjort mykje for å leggja til rette for friluftsliv opp igjennom åra. Turstiar og -veggar er ein stor og viktig del av fritidstilbodet i Masfjorden. Ein del skilting, merking og digitale registreringar har gjort tilbodet tilgjengeleg for både fastbuande og tilreisande som kjem til bygda kvart år, og turløypene har blitt eit viktig tilbod for dei som arbeider med reiseliv.

Men framleis er mykje ugjort, og planen for turruter vil vera eit naudsynt verktøy for prioritering og utvikling av gode og varierte turruter for både innbyggjarar og turistar. Mange stiar manglar

god nok skilting og merking, og treng meir tilrettelegging både i form av klopper, gjerdeklyv og parkeringsmoglegheiter. Det manglar i stor grad avtalar med grunneigarar og vedlikehaldsplanar for stiane. Kommunen får også ein del tilbakemeldingar om at turmoglegheitene i kommunen ikkje er godt nok marknadsført. Planen vart vedteken i kommunestyret i desember.

### Takk!

På kulturområdet vert det kvart år lagt ned eit stort dugnadsarbeid i samband med vedlikehald/tilsyn med bygg og anlegg, realisering av nye prosjekt, aktivitetar og arrangement. Masfjorden kommune vil takka alle dei som involverer seg i dette arbeidet. De er med på å oppretthalda og skapa gode arenaer for trivsel og fellesskap i kommunen vår.

## KULTURSKULEN

### «Tilbake til normalen»

Også dette året starta koronarestriksjonar, men restriksjonane var berre for dei over 16 år, slik at det meste av kulturskuleundervisning vart gjennomført. Utover i februar opna landet igjen og ein fekk litt etter litt også gjennomført arrangement, og vaksne lag fekk løyve til å møtast igjen.

### «Kulturskulen skal nå mange»

I pandemien har mange kulturskular opplevd nedgang i elevtal. Slik har det ikkje vore i Masfjorden. Her er elevtalet stabilt. Dei om lag 140 elevplassane gir opplæring innan song, spel, samspel, teater og biletskaping/kunstproduksjon. Undervisning er lagt til ettermiddag, kveld og helg. Elevane får tilbod om studioinnspelning.

Å oppleve stabilitet sjølv i motgangstider opplever me som ein styrke, og det fortel oss at kulturskulen er ein arena som brukarane ønskjer å vera ein del av.

Kurspengar er frå 01.08.21 kr 2492 pr. år. Det vert gjeve søskenmoderasjon. Ein har og ei ordning der ein i visse høve kan søka redusert eigenbetaling med inntil 50%. Vaksne elevar betaler kr 3739.

### «Kulturskulen skal stimulera til fagleg og personleg utvikling for elevane»

16 timelærarar arbeider i til saman 4, 5 årsverk, alt inkludert ressursar til sal av tenester til kor og korps, og administrasjon. Fem av lærarane er i kombinasjonsstillingar med grunnskule. Fleire av lærarane arbeider i fleire kulturskular. Dyktige, kreative, motiverte og samarbeidsviljuge lærekrefter er med på å skapa eit godt klima for læring, slik at ein i samarbeid med elevar, heim og lokalmiljø oppnår det me alle ønskjer: Kjekke, meningsfylte, stabile, trygge og utviklande fritidstilbod. Kulturskulen opplever og god stabilitet i personalet, noko som ein tek som eit teikn på at dei tilsette trivst i arbeidet sitt.



### «Kulturskulen skal vera godt synleg og delaktig i lokalt kulturarbeid»

Masfjorden kulturskule legg stor vekt på å vera meir enn ein skule der elevar berre får undervisning. For elevane er det å jobba fram mot framsyningar der ein får eksponert seg ein vesentleg del av motivasjonen.

Etter kvart som landet opna igjen, auka og aktiviteten på dette området og kulturskulen fekk gjennomført eigne arrangement, i tillegg til å vera viktige bidragsytarar i annan kulturell aktivitet. Å oppleve gleda både hjå utøvarar og publikum over endeleg å vera i gang igjen var fint. Og utover året kom aktiviteten tilbake til normalen, med aktivitet både lokalt og utanfor kommunen sine grenser.

UKM vart arrangert på Sæbø skule, med flotte sceneinnslag frå Masfjorden. Johanne Einestrånd (song) og Isak Thorsheim Kvinge (piano og song) vart vald ut til å representera Nordhordland på fylkesmønstringa på Voss, og Isak fekk deretter æra av å representera Vestland fylke på landsfestivalen i Stjørdal i juni.

### «Kulturskulen skal samarbeida om tiltak med skule, barnehage, bibliotek og lagsliv»

For kommunen er det viktig at innbyggjarane får meningsfull aktivitet og gode opplevingar gjennom kulturtilboda. For kulturskulen er samarbeid med andre aktørar nøkkelen til at ein kan nå desse måla. Det er flott å sjå kulturskuleelevar «glitra» på andre scener td i samband med skuleoppsetjingar og lagsarrangement. Økonomien og ein del praktiske utfordringar set grenser for kva



type samarbeid ein kan få til, og kor stort omfanget blir. Det er difor dei tilsette i kulturskulen med det dei kan og involverer seg i som er den aller viktigaste ressursen i samarbeidet.

Kulturskulen sel dirigent- og instruktørtenester til skulekorpsa og amatørkorps/kor, ein samarbeider om aspirantopplæringa til skulekorpsa og ein prøver å vera ein god medspelar til desse laga og andre kulturaktørar og institusjonar gjennom samarbeid om konsertar og arrangement.

Laga er gode kulturleverandørar, og steller i stand mange flotte arrangement og inviterer til fruktbare samarbeid.

Musikktilbod for ungdommar med behov for tilrettelegging heldt fram, og femner mange. Dette er eit tilbod som vert teke svært

godt i mot av brukarane. Å oppleve gjengen i fri utfolding og den store musikkgleda er ein real vitamininnsprøytning, og lukkeleg var sjølvaste Erna Solberg då ho fekk oppleve akkurat dette under eit besøk på Masfjorden bu- og aktivitetssenter i haust.

Når det gjeld samarbeid med bibliotek, MOT, seniorsamlingar, kyrkja, pensjonistlag og eldrekafe på sjukeheimen, så er ein også her tilbake til normalen med godt etablert samarbeid.

Masfjorden kommune har teke imot flyktingar frå Ukraina og her vert det tilbydd kulturskule for dei i rett alder.

## IDRETTSSKULEN

Idrettsskuletilbodet har vore ved alle tre skulane for elevar i 2. til 7.klasse.

Ved start på hausten vert elevane delt inn i to grupper ved Sandnes og Nordbygda og i ei fellesgruppe ved Matre.

Alle gruppene har hatt fysisk aktivitet og idrett 1,5t kvar veke. Elevane har praktisert ei rekke idrettar, der målet har vore å heva den kroppslege kompetansen og dei tekniske ferdigheitene innanfor ulike aktivitetar og konkurranseidrettar.

Også denne hausten auka elevtalet, no ganske kraftig, etter ei liten oppgang også i fjor. Idrettsskulen sitt mål om å vere eit kompetansehevingstilbod og ikkje eit «leiketilbod», er no betre kjend blant både elevar og dei føresette, så det er særleg positivt at talet er relativt stabilt og aukande.

Idrettsskulen i Masfjorden er eit populært tilbod, og eit viktig eit, sidan idrettstilbodet elles i kommunen ikkje alltid er like tilgjengeleg og/eller noko avgrensa i sin variasjon.

Ved årsskiftet hadde me følgjande deltakartal, skuleåret 2022-21 står i parentes:

Skule:	2. - 4. klasse	5. - 7. klasse
Matre	7 (6)	2 (1)
Nordbygda	21 (15)	17 (6)
Sandnes	10 (11)	8 (4)



## Folkebiblioteket

### Personale

Biblioteksjef Linn Benedikte Brakstad gjekk ut i svangerskapspermisjon i september. Andrea Horgen Kvinge er vikar som biblioteksjef. Silje V. Kjetland driv skulebiblioteket på Matre filial. Signe Marit Krossøy driv skule- og folkebibliotek på Sandnes filial.



### Arrangement og aktiviteter

Lesestunder med barnehagen: 50 lesestunder fordelt på Nordbygda barnehage og Indre Masfjorden barnehage. 315 born og 64 vaksne har deltatt.

### Bok- og strikkekafé

På Hosteland og Sandnes har det vore strikkekafé om lag ein gong i månaden. Dette tilbodet er godt etablert, og på Hosteland kjem det om lag 10-12 personar kvar gong. Her har kulturskulen ein kort opptreden med ulike elevar på kvar strikkekafé, i tillegg til at me har eit kort litterært innslag.



### «Sommarleskampanje» og «Sommarlesavslutning»

Masfjorden kommune har deltatt i «Sommarles», ein nasjonal, digital kampanje for born i 1. – 7. klasse. 122 av 147 elevar deltok (83%). Det er den fjerde høgste deltakelsesprosenten av 43 kommunar i Vestland fylke. I samband med kampanjen vart det



registrert 2374 leste bøker. Me feira kampanjeslutt med «kino», popcorn og premiar på alle skulane.

### Litteratursti

«Litteraturstien» på Hosteland har vore i bruk i heile 2022. Turgåarane kan svare på litteraturspørsmål (ulike oppgaver for born og vaksne) som vert bytta ut jamleg. Premie til vinnarane.

### Julekonkurransar

I desember var det to ulike konkurransar på biblioteket. «Finn Grinchen» skapte stort engasjement blant elevane. Vaksne og born som lånte tre eller fleire bøker i desember var med i trekning av premiar. I tillegg var spel, fargelegging og utstyr til julelenker tilgjengeleg. Det vart pynta, og delt ut pepperkaker. Det kom mange tilbakemeldingar på at born og vaksne sette pris på tiltaka.

### Målekurs

Det vart arrangert målekurs i desember med lokale kunstnar Anne-Marit Palmer. Kurset var for born i alderen 6-9 år, og var fullt med 10 deltakarar.

### Vaksenopplæring

Kommunen har nytta Sandnes filial sine lokaler for vaksenopplæring til ukrainske innbyggjarar.

### Dagsturhytta

Biblioteket har bøker i Dagsturhytta på Kvingo. Samarbeid med Kulturskulen. Dei blir bytta ut to gongar i året.

### Samlingar og utlån

Totalt for skule- og folkebiblioteka er det i 2022 registrert om lag 12 978 lån. Det tilsvarer 7,7 utlån per innbyggjar, og er ein oppgang på 7% frå 2021.

Talet inkluderer fornyingar og utlån av e-bøker. Utlån av e-bøker og e-lydbøker har auka i høve til 2020 og 2021. Biblioteket har tidvis hatt eit depot av ukrainske barnebøker på utlån frå Nasjonaldepoet. Me har sett eit behov for å utvide bibliotekets eiga samling med ukrainske bøker, då det er dårleg utval og kort utlånstid på bøkene frå andre bibliotek.

### Konklusjon

I år, som i fjor, er barna den største brukargruppa på biblioteket. Dei er aktive og deltakande, noko som blant anna visar seg i Sommarles-tala. Lærarane er viktige i å bygge opp om dette. Fleire aktivitetar og arrangement er godt etablert, og vil bli vidareført i 2023. Aktivitetar for barn vart godt mottatt med jul, og me vil bygge vidare på dette. Samlinga treng bøker på ukrainsk og andre framandspråk for å vere tilgjengeleg for alle. Bruk av digitale tenester aukar.

## TEKNISK MILJØ OG LANDBRUK

Det var 11 personar tilsett ved avdelinga pr. 31.12.22.

I tillegg har Masfjorden kommune kjøpt landbruksfagleg kompetanse frå Kjartan Nyhammer.

### Byggjesak/kart og oppmåling

Matrikkelen er Norges eigedomsregister og her finn ein informasjon om fast eigedom, eigedomsgrenser, bygningar og adresser. Kvar dag vert det henta store mengder data frå matrikkelen som vert brukt i den offentlege forvaltninga. Det er store samfunnsmessige verdiar knytt til at opplysningane i matrikkelen er rette og fullstendige.

Oppmålingsavdelinga har kjøpt ny GPS av typen Trimble i 2022. Det har skjedd stor utvikling i teknologien som gjer at utstyret har betre dekning i område med fjell og skog. Dette gjer innmålingsarbeidet meir effektivt og gjer betre kvalitet på målingane.

I 2022 vart det gjennomført mange saker som gjeld retting av eigedomsgrenser, og retting av opplysningar knytt til bygg i matrikkelen.

Det er mange som har vore i kontakt med kommunen med spørsmål knytt til straumstøtte og kommunale avgifter.

Det er oppretta færre nye eigedomar enn tidligare år. I 2022 vart det oppretta 13 nye eigedomar der 8 er til bustadføre mål. Det er til saman gjennomført 18 oppmålingsforretningar.

### Oversikt over saker handsama i 2022:

Delesaker	21	Tilknytning kommunalt vatn *	9
Byggjesaker	41	Usleppsløyve*	3
Bruksløyve/ferdigattest	43	Oppmålingsforretningar	
Dispensasjonar	20	Vedtak om adresse-tildeleing/omadressering	2
Andre saker	9		

\* Saker der dette er handsama utanom byggjesaka

Av byggjesakene som har vore handsama er:

- 3 søknader om bygging av bustader
- 1 søknad om bygging av fritidsbustader
- 6 bruksløyve/ferdigattestar er gjeve i høve bustadhus

### Innkjøp av drone til avdelinga

Avdelinga har gått til innkjøp av drone av typen DJI Mavic 2 Enterprise Advanced med termisk kamera. Drona vil bli brukt til blant anna kartleggingar, ajourføring av gardskart, synfaring i samband med vedlikehald på kommunale bygg, ved skredhendingar, og til å finne brot på vassleidningar m.m.

### Kommunale vegar

Det har vore utført vedlikehald med rydding i stikkrenner, lapping av asfalt og grus, høvling og snørydding/strøing. Det er og utført kantklipping og grøftereinsk.

Masfjorden kommune har avtale om brøyting med sju kontraktørar.

Safe Control har gjennomført årleg kontroll av bruene i kommunen.

### Investeringar

Asfaltering av kommunale vegar i 2022

Masfjorden kommune har i 2022 asfaltert fylgjande vegar: Bjørneklett, Solheim og Haugsvær byggjefelt.

### Støypekant Hope

Målet var å få sikra vegen med skikkeleg støypekant langs ein bratt elvebredd, strekninga med ny støypekant var på ca. 100 m.

Vestland fylkeskommune har gjeve tilskot til arbeidet, som saman med kommunal løyving har finansiert arbeidet. Masfjorden kommune engasjerte anleggs-selskapet Mesta til å utføre jobben med å få på plass den nye støypekanten ved elvebredda på Hope.



### Vatn/vassverk

**Drift:** Masfjorden kommune eig og driv fem vassverk i kommunen. Fire av desse er mindre vassverk som forsyner bygdene Matre, Haugsvær, Solheim og Skolten på Sør-Kvingo. Desse har ein årsproduksjon frå 2000m<sup>3</sup> til 20000m<sup>3</sup>.

Det største vassverket er Masfjorden vassverk, som forsyner delar av Masfjordnes og Nordbygda, i tillegg til Sløvåg og Steineområdet i Gulen kommune. Produksjonen frå Masfjorden vassverk var på om lag 182 000 m<sup>3</sup> i 2022, noko som er litt opp frå fjoråret. Av dette vart det overført ca 93.000 m<sup>3</sup> til Gulen kommune.

**Investering:** Vassleidning Mollandseidet – Duesund Våren 2022 vart det oppdaga stor lekkasje på sjøleidningen mellom Mollandseidet og Duesundøy for vassforsyning til Duesund, Nesjane og Sandnesområdet. For å oppretthalda vassforsyninga vart denne leidningen stengt av, og ny mellombels vassleidning langs FV 570, mellom Mollandseid og Duesund, vart etablert.

Våren 2022 vart det sett i gang arbeid med innhenting av tilbod på ny sjøleidning. I august vart det inngått kontrakt med Telemark Seawoork AS, om legging av ny vassleidning. Ny leidning vart teke i bruk oktober 2022.

## Nye/opprusta kommunale bygg

### Nye terassedører sjukeheimen

På Masfjorden sjukeheim vart det skifta ut 25 terassedører, og det vart utført utvendig maling av delar av sjukeheimen.

### Ventilasjon sjukeheimen

Ved Masfjorden sjukeheim har det vore skifta to nye ventilasjonaggregat på pleie 1 og 2.

Etter anbudsrunde vart det inngått kontakt med firma KM. Ventilasjon AS. Entreprenøren stod for komplett leveranse med prosjektering av anlegget, levering og montering inkludert all automatikk, innregulering og idriftsetting av ferdig igangsett og drifta anlegg. Det nye anlegget vart sett i drift i oktober. I samband med dette arbeidet har det vorte utført reingjering av ventilasjonskanalar i bygget.

### Sandnes skule fasade, vindu, og ytterdører

På Sandnes skule har det vore arbeidd med utvendig murfasade ved bibliotek, og skifte av eksisterende glasfelt i trappegangen. Det har og vore skifte av dør- og vindusfelt ved inngang til sløyd/tekstil avdeling, og sifting av ytterdører til SFO, bibliotek og gymsal.

### Matre skule

På Matre skule har det vore oppgradere utvendige fasader på avdeling gymsalfly og aktivitetsfly. Arbeid som er utført er etterisolering av fasade og loft, ny kledning, samt vindusutskifting.

Til fasade materiale har ein valt kledning med Steni fasadeplater og vindaug til nye heltre vindaug med utvendig aluminiumsbekledning. I samband med dette arbeidet, har ein og lagt opp fleire utvendige lyspunkt.

### Reinhold

Reinholdet i kommunen har sidan 2014 vore organisert i tre reinhaldsomsråde; Nord, Indre og Sør i tillegg til sjukeheimen, som er eige område. Kwart område har ein reinhaldskordinator som er ansvarleg for reinhaldarane i sitt område.

Ansaret inneber mellom anna å ordna med vikarar ved sjukdom, fråvær, lage ferieplan, tinge varer m m.

Utgiftene for reinholdet vert ført på dei ulike einingane.



## Landbruk

### Tal frå søknader om produksjonstilskot 2018- 2020

	2020	2021	2022
Prod. tillegg *	ca. 10 000 000	14 340 379	20 085 205
Bruk	69	61	66
Mjølkebruk	10	11	11
Mjølkekyr/ammeku	155/19	169/18	153/48
Storfe kjøtprod.	256	275	321
Sauebruk	58	57	55
Sauer vinterfora/ utegangarsau	2 846	3 332	3227
Geit for kjøtprod.	129	59	65
Kylling	-	-	-
Esel/lama/Alpakka	5/8/3	0/5/0	0/5/0
Hest over 3 år	5	7	7

### \*Samla mjølkeleveranse: 2022 – 807 484

2021 – 937056, 2020: 967.520 kg

Areal for søknader på produksjonstilskot: 7331 dekar

### Regionalt miljøprogram (RMP)

	2022	2021	2020
Ordninga for særskilte miljøformål i landbruket:	25	24	24
Organisert beitebruk uendra med: 4 beitelag			

### Søknad om drenering

2020: 0 søknader 2021: 3 søknader 2022: 0 søknader

### SMIL – søknader

2022: 5 søknader 2021: 3 søknader 2020: 4 søknader

### Viltfondet

Fellingsavgifta går inn på eit kommunalt viltfond som bl.a. går til dekking av kommunen sine utgifter med ettersøk etter skada vilt og fallvilt.



### Skotpremie for felt rovvilt

Det vart i 2022 utbetalt skotpremie for:

Rev: 28 Mår: 6 Mink: 17

Hjortejakta	2020	2021	2022
Løyve	583	667	784
Felt	453	548	528
Fellings %	77,7	82,16	67
Fallvilt	2	13	

Avskytinga dei 5 siste åra var på over 400 dyr. Rekordåret er 2021 med 548 dyr felt, medan 2022 er det nest høgaste med 528 felte dyr. (BPO): Gulen – Masfjorden fortset til 2023 medan Alver (Lindås) – Masfjorden fekk ny avtale for: 2022-2024.

Alle som er medlem har frie dyr, medan valda som ikkje er med eller ikkje har ein avskytingsplan har ei styrt tildeling frå kommunen

Jakttida er uendra: 01.09. – 23.12.

### Kalking av vassdrag

Kalkinga i Frøsetelva held fram som før. Kalkstasjonen ved Ostavatn medfører auka pH frå ca 5,3 oppstrøms doserar, til pH 6,0-6,4 heilt til utløpet ved Frøyset. I smoltifiseringsperioden om våren vert pH justert litt opp slik: Lakseførande strekning; pH  $\geq 6,2$  fra 1. jan til 15. mars, deretter  $\geq 6,4$  frem til 1. juli (justert 2019), og  $\geq 6,0$  resten av året i 2022. Totalt vart det brukt: 675 tonn, 627 tonn i 2021, 759 tonn i 2020, 513 tonn i 2019 og 561 tonn kalk i 2018.

### Aksjon Parkslirekne på Matre

Parkslirekne vart innført til landet som prydplante i hagar på 1800 – talet. Det angrar me på i dag. Bygda Matre er ei av mange



bygder som har stort innslag av parkslirekne.

Parkslirekne spreiar seg ved flytting av jordmassar med innslag av planten, kasting av avkapp av planten på fyllingar, eller langs elv eller ved kantslått langs veg der planten står. Parkslirekne spreiar seg ikkje med frø, berre via rotsystemet, eller når ein bit frå planten treff jord og det spirar opp ein ny plante. Ein bit på storleik med ei nagl er nok.


Bygdelaget på Matre har teke initiativ til ein aksjon mot planten på Matre. Bygdene Haugsvær og Solheim har også vorte med på aksjonen. Målet er å utrydde planten. I 2022 har bygdefolket dratt opp/kappa ned planten i to omgangar - første gong i mai og så i slutten av juni.

Planten vart lagt i bossekkar og kasta i NGIR-konteinar som vart utplassert på Matre. Planten er spesialavfall som går direkte til forbrenning. I august vart gjenvekst sprøyta med Roundup av person med autorisasjon. Same prosedyre vert gjennomført i 2023 og 2024. Parkslirekne er truleg den planten det er vanskelegast å utrydda i norsk fauna i dag.

## KYRKJA

Under det som vert definerert som rammeområde kyrkje vart det i 2021 budsjettert med 3,5 mill. kr., og rekneskapen viser samla kostnad på nær 3,5 mill.kr., samt at kommunen gjorde ei avsetjing i 2021 på kr. 500.000 til vedlikehald av kyrkjer m.m. i åra framover.

Masfjorden kommune yter driftstilskot til Masfjorden kyrkjelege fellelsråd/sokn (MKF), fordelt med kr. 2 491 489 inkl. midlar til delfinansiering av prestestilling, samt rente- og avdragskompensasjon, og tenesteytingsavtale mellom MKF og kommunen som utgjer samla om lag 487.000. Vidare yter kommunen driftstilskot til kyrkjegardar. Dette utgjorde i 2021 kr. 510.000,-.



Brutto driftsutgifter til kyrkjer pr. innbyggjar

# GMBR

## Gulen og Masfjorden Brann og redning

I januar slutta tidlegare brannsjef Sigvald Kvinge etter over 10 års teneste for GMBR. Han byrja då i ny stilling i Masfjorden kommune. Varabrannsjef Jan Ivar Kjelby vart konstituert som brannsjef fram til 01.september. Den nye brannsjefen Lars Jørgen Svendsen byrja i stillinga 1 august, og har etter opplæring også gått inn i 01 -vaktansvaret (innsatsleiar), saman med fire andre i GMBR si vaktordning.

I året 2022 har innsatsen til brannmannskapa vore god. Totalt var GMBR i aksjon 53 gongar i 2022. Dette er ein sterk nedgang frå åra før pandemien.

Type hending	2021	2022	Endring
Akutthjelparoppdrag	26	45	+19
Trafikkulukke	13	16	+ 3
Brann	13	13	0
Bistand politi		1	-0
Naturhendingar		1	+ 1
Akutt forureining			
RVR			
Person i vatn			
Brannhindrande tiltak	1		- 1



Brannsjef Lars Jørgen Svendsen klar til utrykking

### Oppdrag

Som statistikken syner har talet brannar vore på same nivå som i 2021. Som nemnt i årsrapporten for 2021 er snarrådighet og kort responstid til brannmannskapa utslagsgjevande for utfallet, og på den måten kan ein unngå tap av menneskeliv. Dette stadfestar nok ein gong viktigheita av å ha eit lokalt brannvesen med kort responstid når uhellet er ute.

### Øving og opplæring

Året som har gått har ført oss inn i eit meir normalår med tanke på øvingar. Det har vore rundt 46 øvingar fordelt på dei 7 stasjonane i meldingsåret.



Godt samvirke mellom naudetatane er ofte avgjerande for utfallet

### Akutthjelpartenesta

Akutthjelpartenesta er framleis den største delen av tenestetilbodet som GMBR rykkjer ut på. GMBR opplevde ein ikkje ubetydeleg auke frå 2021, med heile 19 fleire oppdrag. Dei geografiske tilhøva med store avstandar og varierende kvalitet på vegnettet fører framleis til at brann-og redningsvesenet normalt kjem først til hendinga. At regionen i tillegg er tilgodesett med berre ein ambulanseresurs, forsterkar behovet for akutthjelpartenesta. At våre kommunar har vald å satsa på brann -og redningstenesta er svært viktig for tryggleiken til innbyggjarane

Oppgradering av brannstasjonar i forhold til arbeidstilsynet sin krav.

I 2020 hadde Arbeidstilsynet eit tilsyn knytt til fysisk arbeidsmiljø for dei tilsette i GMBR. Det medførte fleire tiltak knytt til utbetring av garderobar og etablering av skitne og reine soner med vidare. Den største oppgraderinga på dette feltet er den snart ferdige stasjonen på Dalsøyra. Bygget vert teke i bruk i januar 2023. Her vert brannvesenet samlokalisert med ambulansetenesta, noko som gjer samarbeidet mellom etatane endå sterkare. GMBR vil også få nytte godt av den fagkunnskapen helse har innafor Akutthjelpartenesta.



Ny brannstasjon på Dalsøyra

# KOMMUNESTYRET I MASFJORDEN 2019 - 2023

## Formannskapet 2019 - 2023:

**Karstein Totland, ordfører** - H  
**Torill Torsvik Størkersen,**  
**varaordfører** - Ap  
**Erlend Kvamsdal** - H  
**Siri Tangedal Kratzmeier** - Krf  
**Geir Egil Haugsvær** - Sp



**Høgre:**  
 Ordfører  
 Karstein Totland  
 5981 MASFJORDNES  
 Tlf. 56 16 62 20  
 Mobil 977 33 819

[karstein.totland@masfjorden.kommune.no](mailto:karstein.totland@masfjorden.kommune.no)



**Arbeidarpartiet:**  
 Varaordfører  
 Torill Torsvik Størkersen  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 480 33 312

[torill.torsvik.storkersen@masfjorden.kommune.no](mailto:torill.torsvik.storkersen@masfjorden.kommune.no)



**Høgre:**  
 Bjarte Andvik  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 407 51 071

[bjarteandvik@msn.com](mailto:bjarteandvik@msn.com)



**Høgre:**  
 Kariann Ekren  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 940 89 748

[kariann\\_ekren@hotmail.com](mailto:kariann_ekren@hotmail.com)



**Høgre:**  
 Arne Hindenes  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 934 38 490

[arne.hindenes@hujas.no](mailto:arne.hindenes@hujas.no)



**Høgre:**  
 Erlend Kvamsdal  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 901 09 775

[erlekvam@online.no](mailto:erlekvam@online.no)



**Høgre:**  
 Frode Langhelle  
 5984 MATREDAL  
 Mobil 918 21 297

[frode.langhelle@bkk.no](mailto:frode.langhelle@bkk.no)



**Høgre:**  
 Atle Nordland  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 900 26 582

[atle.nordland@hotmail.com](mailto:atle.nordland@hotmail.com)



**Arbeidarpartiet:**  
 Hildegunn Bjånes  
 5984 MATREDAL  
 Mobil 971 76 550

[hildegunn.bjanas@masfjorden.kommune.no](mailto:hildegunn.bjanas@masfjorden.kommune.no)



**Arbeidarpartiet:**  
 Britt Inger Myhr  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 412 91 206

[britt.inger.myhr@masfjorden.kommune.no](mailto:britt.inger.myhr@masfjorden.kommune.no)



**Arbeidarpartiet:**  
 Ragnvald Tangedal  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 915 92 308

[ragnvald.tangedal@bakerhughes.com](mailto:ragnvald.tangedal@bakerhughes.com)



**Senterpartiet:**  
 Wenche Daa  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 957 65 375

[wenchedaa@yahoo.no](mailto:wenchedaa@yahoo.no)



**Senterpartiet:**  
 Laila Furebotn  
 5983 HAUGSVÆR  
 Mobil 415 03 279

[furebotn@hotmail.com](mailto:furebotn@hotmail.com)



**Senterpartiet:**  
 Geir Egil Haugsvær  
 5983 HAUGSVÆR  
 Mobil 413 29 183

[gehaugsver@gmail.com](mailto:gehaugsver@gmail.com)



**Senterpartiet:**  
 Silje Vågseth Kjetland  
 5984 MATREDAL  
 Mobil 905 44 667

[stsilje@hotmail.com](mailto:stsilje@hotmail.com)



**Uavhengig represent.:**  
 Jostein Kvamme  
 Duesund  
 5983 HAUGSVÆR  
 Mobil 976 63 286

[josduesund@gmail.com](mailto:josduesund@gmail.com)



**Kristeleg folkeparti:**  
 Siri Tangedal Kratzmeier  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 466 64 336

[siri.kratzmeier@masfjorden.kommune.no](mailto:siri.kratzmeier@masfjorden.kommune.no)



# MASFJORDEN KOMMUNE

**Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES**

**TLF. 56 16 62 00**

**E-post: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)**

**[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)**

**Hovudansvarleg for innhaldet i årsmeldinga: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen  
Utforming: Mary Hope**